



Sula kommune



Årsmelding 2024 Del 1

Årsmelding del 1 har fokus på økonomi og rekneskap.

Årsmelding del 2 har fokus på andre målområde enn økonomi. I denne delen vert det rapportert på vedtatte samfunnsmål, medarbeider og organisasjonsområdet, risikostyring og internkontroll mm.

Innhald

Kommunedirektøren si innleiing	3
Om årsmeldinga.....	5
Kommentar til årsrekneskapet.....	6
Forhold som pregar den økonomiske situasjonen i Sula kommune.....	7
Finansielle måltal.....	8
Rekneskapsanalyse.....	10
Driftsrekneskap.....	10
Budsjettavvik på kommunalområde	11
Budsjettavvik på einingsnivå	17
Forklaring på endring i netto driftsresultat frå 2023 til 2024	22
Utvikling i netto driftsresultat dei siste åra.....	23
Inntekter og utgifter i driftsregnskapet	29
Utvikling i lønnsutgifter	31
Investeringsrekneskap	35
Balansen	39
Fondsbeholdning.....	39
Lånegjeld	39
Kortsiktige likvide midlar.....	41
Utgiftsnivå samanlikna med andre kommunar.....	42

Kommunedirektøren si innleiing

Årsmeldinga består av to delar. Del 1 har fokus på økonomi, medan del 2 har fokus på andre målområde enn økonomi. I del 2 vert det rapportert på vedtatte samfunnsmål, medarbeider og organisasjonsområdet, risikostyring og internkontroll mm.

I årsmeldinga får du eit overblikk over dei viktigaste resultata vi har oppnådd saman i 2024. Dette var eit år med aktivt arbeid med nye visjonar, planar og strategiar, og årsmeldinga viser korleis vi samtidig utforma og omsette planane til konkret handling. Vilje til å lukkast saman er Sula kommune sin nye politisk vedtekne visjon. Samarbeid mellom kommune, næringsliv, frivillige organisasjonar og innbyggjarar er ein viktig suksessfaktor, og det er flott å sjå at det er vilje frå alle partar til å få til nettopp dette.

I 2024 har det blitt etablert nye møteplassar mellom kommune og næringsliv, og det er flott å sjå at ordføraren sitt initiativ til å reetablere Sula næringsforeining har bidratt til ein tettare dialog. Parallelt med dette har Sula kommune valt å styrke næringsarbeidet vårt inn mot nyetablerarar og for å bidra til vekst og mogelegheiter for gründerar som har ambisjonar om å skape nye næringar og arbeidsplassar i kommunen.

Eigedsstrategien til Sula kom på plass i 2024, og med denne har vi fått eit godt verktøy for å ta politiske beslutningar knytt til bygg, tomter, samarbeid med eigedsbransjen og husbanken. Dette er viktig med tanke på å utvikle eit meir mangfald i bustadar tilpassa ulike livsfasar og med mål om at innbyggjarar skal kunne bu heime og i gode nabolag så lenge som mogeleg.

Strategi for heilskapleg innsats har blitt utvikla parallelt med eigedsstrategien og skal bidra til at vi arbeider førebyggjande innanfor alle tenester på ein slik måte at vi utset behovet for dei tyngste og mest inngripande tenestene. Alternativ undervisning ved nyppprett Solstrand som avdeling ved Sula ungdomskule er eit konkret døme på dette. Frisklivssatsinga med tilbod om alternativ lavterskel helsehjelp er eit anna døme. Fleire gruppetilbod knytt til psykisk helse og fleire ambulante team både inn mot barn og familie og i butenestene har blitt og er under etablering. Vi har dyktige fagfolk som ser mogelegheiter og løysingar, og som tør å endre, til det beste for innbyggjarane.

Det siste året har vore prega av store utfordringar og viktige endringar globalt, nasjonalt og lokalt. Dette påverkar oss alle, og for Sula kommune er den økonomiske situasjonen krevjande og låge inntekter gjer det vanskeleg å omstille oss i det tempoet vi skulle ønskje. Likevel har vi klart å levere tenester av høg kvalitet, takka vere dyktige og dedikerte tilsette. De gjer ein stor innsats kvar dag for innbyggjarane våre – det vil vi rette ei stor takk for.

Vi vil òg takke politikarane våre for godt samarbeid i ei krevjande tid. Kommunesektoren står overfor store omstillingar, og Sula er ikkje noko unntak. Mange opplever uro knytt til endringane, men dei opnar òg for nye mogelegheiter. Kommunen si rolle i framtida vil gradvis utvikle seg – frå å levere stadig fleire tenester til i større grad å legge til rette for at folk kan meistre eigne liv lengre. Med færre yrkesaktive og fleire eldre i tida framover, veit vi at vi må tenkje nytt og tenestene må bli gitt i ei anna form og på nye måtar. Saman skal vi skape tryggleik for at innbyggjarane skal få gode tenester og å i framtida, og når dei har behov for det.

Vi går inn i eit nytt år med både utfordringar og håp. Gjennom godt samarbeid, nytenking og vilje til endring skal vi saman finne løysingar som sikrar gode tenester og ei berekraftig utvikling for Sula kommune.

Om årsmeldinga

Årsmeldinga gjer greie for kommunen sin økonomiske utvikling og handleevne over tid. Vesentlege avvik mellom årsbudsjettet og årsrekneskapen vert forklart, samt vesentlege avvik frå kommunestyret sine føresetnader for bruken av løyvingane.

Årsmeldinga skal også gje ei heilskapleg forklaring på korleis det går med samfunn og innbyggjarar, vurdert opp mot vedtekne planar og strategiar. I tillegg skal det rapporterast på resultat for organisasjon og medarbeidarområdet.

Arbeidet med avslutninga av årsrekneskapen for 2024 har følgd faste aktivitetar og rutinar i samarbeid med kommunerevisjonen. Kommunen sitt årsrekneskap, KOSTRA-skjema og tenesteproduksjonsdata er rapportert til Statistisk sentralbyrå (SSB/KOSTRA) innan fristen 22. februar. Årsrekneskapen med noter og dokumentasjon er levert til revisjonen innan fristen 22. februar. Årsrekneskapen med notar og årsberetninga skal reviderast, og kontrollutvalet skal gi si uttale før dokumentet skal behandlast i formannskap og kommunestyre innan utgangen av juni.

Kommentar til årsrekneskapet

Årsrekneskapet er utarbeidd i samsvar med kommunelova, reglar i forskrifter og standardar i medhald av god kommunal rekneskapsskikk.

Årsrekneskapet består av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanseoppstilling og noteopplysningar. Kapittel 5 i «Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv» (økonomiforskriften) spesifiserer kva for oppstillingar og opplysningar som årsrekneskapet skal innehalde.

Driftsrekneskapet for 2024 er avlagt i balanse. Økonomiske oversikter viser negativt netto driftsresultat på 42.317.814kr. Dette utgjør -4,23% av brutto driftsinntekter. Bruk av disposisjonsfond er 49.561.280kr. Når ein tek omsyn til avsetning til og bruk av bundne fond, samt budsjettert avsetning til og bruk av disposisjonsfond finn ein årets budsjettavvik. Budsjettavvik i 2024 viser eit meirforbruk på 30.618.023kr.

Hovudforklaring til det negative driftsresultatet er lave frie inntekter og høge renteutgifter. Sula kommune er blant kommunene i landet med dei lavaste frie inntektene. Gjeldsnivået til Sula kommune er høgare enn landsgjennomsnittet.

Investeringsrekneskapet for 2024 er avlagt i balanse. Investeringsutgifter i varige driftsmidler var på 74.717.828kr. Bruk av lån var på 64.881.821kr. Resterande finansiering består i hovudsak av kompensasjon for meirverdiavgift og tilskot frå fylkeskommunen til ulike investeringsprosjekter.

Balanserekneskapet pr 31.12.2024 viser sum eigedelar på 3.045.018.016kr. Langsiktig lånegjeld utgjør 1.329.996.104kr. Eigenkapitalen utgjør 627.500.330kr.

Forhold som pregar den økonomiske situasjonen i Sula kommune

Det er spesielt fire forhold som pregar den økonomiske situasjonen i Sula kommune:

- 1) Lave frie inntekter: 40 mill lavere enn landsgjennomsnitt.
- 2) Lavt utgiftsnivå: 45 mill lavere driftsutgifter enn landsgjennomsnitt.
- 3) Høg lånegjeld: 20 mill høgare netto finansutgifter enn landsgjennomsnitt.
- 4) Bruk av disposisjonsfond i regnskap og budsjett. 50 mill. kroner i 2024

1. Lave frie inntekter

Skatteinntektene til Sula kommune var på 80,8% av landsgjennomsnittet i 2024. Inkludert inntektsutjamning var inntektene 94,5% av landsgjennomsnittet. Inkludert rammetilskot, eigedomsskatt, havbruksinntekter ol. er frie inntekter på 90% av landsgjennomsnittet (kjelde: Kommuneproposisjonen 2025, tal frå 2023). Sula kommune er blant dei 10 kommunane i landet med lavast inntektsnivå (tal frå 2023). Dersom Sula kommune hadde hatt eit inntektsnivå på landsgjennomsnittet hadde inntektene vore ca 40 mill høgare.

2. Lavt utgiftsnivå

Sula kommune sitt utgiftsnivå er langt lavere enn landsgjennomsnittet. Dersom utgiftsnivået i Sula kommune hadde vore lik landsgjennomsnittet hadde utgiftsnivået vore 44,9 mill høgare i 2024. Dersom utgiftsnivået hadde vore likt som kostragruppe 1 (kommunegruppe om Sula kommune tilhøyrar) hadde utgiftsnivået vore 41,5 mill høgare (kjelde: Framsikt Analyse).

3. Høg og aukande gjeld

Sula kommune har høg lånegjeld. Lånegjelda vil fortsette å auke. Auka vil i hovudsak kome som følge av investering i nytt avløpsrenseanlegg. Høg lånegjeld gir høge finansutgifter (rente og avdrag). Dersom Sula kommune sine netto finansutgifter (finansutgifter - finansinntekter) hadde vore som landsgjennomsnittet så hadde utgiftene i 2024 vore 20 mill lavere.

4. Bruk av disposisjonsfond for å saldere rekneskap og budsjett

I 2024 blei det brukt 49,6 mill av disposisjonsfondet. Saldo på disposisjonsfondet pr 31.12.24 er 82,2 mill. Budsjettert bruk av disposisjonsfond i 2025 (pr 27.03.25) er 33,6 mill. Med bruk av disposisjonsfond som i 2024 og budsjett 2025 så er disposisjonsfondet brukt opp i løpet av 2-3 år. For å unngå dette må både utgiftene reduserast og inntektene aukast.

Finansielle måltal

Eit av dei grunnleggande krava til økonomiforvaltning i kommunelova er at kommuner skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir ivaretatt over tid, ref kommunelova § 14-1. I kommunelova § 14-2 er det krav om at kommunestyret skal vedta finansielle måltal for utviklinga av kommunens økonomi. Dei finansielle måltala gir ein indikasjon på økonomisk handlingsrom.

I forbindelse med handsaming av budsjett og økonomiplan 2024-2027 vedtok kommunestyret i Sula kommune følgande finansielle måltal:

- Netto driftsresultat skal over tid utgjere minimum 1,5 % av brutto driftsinntekter.
- Disposisjonsfondet skal minimum utgjere 10 % av brutto driftsinntekter.
- Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal ned på dagens nivå (under 130 %) innan 2030 og 100 % innan 2035

Tabellen under viser finansielle måltal for perioden 2020 -2024. Med tanke på samanlikning har vi også tatt med Giske kommune, Ålesund kommune, gjennomsnitt Møre og Romsdal, gjennomsnitt landet og gjennomsnitt for kostragruppe 1. Kommuner i kostragruppe 1 er kommuner med mellom 2000 og 9999 innbyggere, lave kostnader og lave inntekter.

Sula kommune 2020 - 2024	Beløp	Måltal Sula kommune
Netto driftsresultat 2024	-42 317 814	-4,2 %
Disposisjonsfond 2024	82 232 330	8,2 %
Netto lånegjeld 2024	1 142 709 642	114,3 %
Netto driftsresultat 2023	-13 631 200	-1,4 %
Disposisjonsfond 2023	131 793 610	14,0 %
Netto lånegjeld 2023	1 125 501 158	119,2 %
Netto driftsresultat 2022	18 760 642	2,1 %
Disposisjonsfond 2022	145 400 366	16,3 %
Netto lånegjeld 2022	1 112 221 028	124,4 %
Netto driftsresultat 2021	32 089 880	3,8 %
Disposisjonsfond 2021	125 197 074	14,8 %
Netto lånegjeld 2021	1 000 251 266	117,9 %
Netto driftsresultat 2020	-3 807 858	-0,5 %
Disposisjonsfond 2020	99 357 401	12,7 %
Netto lånegjeld 2020	910 614 723	116,5 %

Giske kommune	Ålesund kommune	Møre og Romsdal	Landet	Kostragruppe 1
-2,1 %	-0,3 %	-1,2 %	-0,4 %	-1,6 %
3,5 %	1,8 %	8,0 %	11,4 %	8,3 %
123,0 %	117,1 %	109,6 %	90,7 %	91,4 %
0,3 %	2,5 %	0,2 %	0,7 %	-0,9 %
5,8 %	1,8 %	9,1 %	13,3 %	10,4 %
131,7 %	110,2 %	111,4 %	88,9 %	94,4 %
4,1 %	2,9 %	1,9 %	3,0 %	1,6 %
4,6 %	2,0 %	10,1 %	14,7 %	12,0 %
122,4 %	104,3 %	112,4 %	88,1 %	96,5 %
4,5 %	0,4 %	1,8 %	4,3 %	3,6 %
0,5 %	0,3 %	8,9 %	13,5 %	11,3 %
128,7 %	101,5 %	112,2 %	87,3 %	96,2 %
-0,2 %	-1,7 %	1,0 %	2,7 %	0,9 %
0,0 %	0,9 %	8,0 %	11,7 %	9,6 %
128,3 %	102,4 %	110,8 %	89,1 %	97,6 %

Av tabellen ser vi at Sula kommune, og dei andre vi har samanlikna oss med, har dårlegare netto driftsresultat i 2024 enn i 2023. Kostragruppe 1 har eit betre resultat enn Sula kommune. To hovudpunkt som forklarar dette er at frie inntekter (inkludert eigedomsskatt) er lavere og gjeldsnivå høgare i Sula kommune enn i kostragruppe 1.

Netto driftsresultat, disposisjonsfond og netto lånegjeld er måltall som ofte blir brukt i kommunal sektor. Nedanfor kjem ei forklaring til kva som inngår i dei tre måltala.

Netto driftsresultat: Netto driftsresultat består av løpende inntekter fratrasket løpende utgifter. Nøkkeltalet måler om kommunen si drift går i balanse. Eit positivt netto driftsresultat gir økt handlingsrom i budsjettåret.

Disposisjonsfond: Disposisjonsfondet er avsetningar som kommunestyret kan disponere fritt. Midlar på disposisjonsfond stammar frå tidlegare års overskot. Eit disposisjonsfond av ein viss størrelse muliggjør tiltak i økonomiplanperioden. Midlane er i tillegg ein buffer mot uføresette kostnader eller inntektssvikt. Nivået på disposisjonsfondet til Sula kommune har blitt kraftig redusert dei to siste åra. I 2023 blei disposisjonsfondet redusert med 13,6 mill og i 2024 med 49,6 mill. Disposisjonsfondet pr 31.12.24 er under vedtatt finansielt måltal på 10%. Disposisjonsfondet er forventa å svekke seg ytterlegare i 2025

Netto lånegjeld: Netto lånegjeld er total lånegjeld fråtrukke vidareutlån og ubrukte lånemidlar. Sula kommune si netto lånegjeld er på 114% av driftsinntektene. Dette er høgare enn gjennomsnittet i Møre og Romsdal, gjennomsnitt i landet og gjennomsnitt i Kostragruppe 1. Høg netto lånegjeld gir redusert handlingsrom. Dette fordi kostnader knytt til renter og avdrag bind opp ein stor andel av økonomien.

Rekneskapsanalyse

I kommunelova § 14-7 bokstav b framgår det at årsberetninga skal redegjøre for vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjett og årsrekneskapet, samt vesentlige avvik frå kommunestyrets premisser for bruken av bevilgningane.

Kommunestyret bevilger netto budsjetttrammer både for drift og investering. Premissane for bevilgning av budsjetttramme for drift er først og fremst av økonomisk karakter, dvs at sektorane skal halde seg innanfor si budsjetttramme. Når det gjeld bevilgning av rammer til investering er det ein økonomisk premiss i form av at investeringsprosjekta ikkje skal koste meir enn budsjettert.

I kapitelet «Driftsrekneskap» blir budsjettavvik kommentert både på overordna nivå og på detaljert nivå per eining.

I kapitelet «Investeringsrekneskap» blir budsjettavvik kommentert per prosjekt.

Driftsrekneskap

Resultat 2024	Rekneskap	Budsjett	Differanse
Netto driftsresultat	-42 317 814	-15 395 368	-26 922 446
Bruk av disposisjonsfond	-49 561 280	-18 943 257	-30 618 023

Forskjellen mellom netto driftsresultat og bruk av disposisjonsfond er bruk/avsetning av bundne fond. For dei fleste områder, bortsett frå VAR (Veg, Avløp, Renovasjon), er budsjettavvik på netto driftsresultat ganske likt som budsjettavvik når vi ser på tala inkludert fondstransaksjonar. Dette er fordi det er på VAR at vi finn dei største transaksjonane mot bundne fond. VAR skal over tid gå i balanse. Det vil sei at eventuelle overskot frå eit år settast av på bundne fond til bruk dei påfølgande åra. Ved underskot

blir det brukt av fond for dekke årets underskot (eventuelt ført som framførbart underskot dersom fondet er brukt opp).

Tabellen under viser budsjettavvik per kommunalområde. Til kvar av linjene i tabellen er det ein note med kommentar til budsjettavviket. Tala er inklusiv fondstransaksjonar.

Vi har bruk «trafikklys» for å oppsummere status på budsjettavvika:

Status	Forklaring
	Grønt: Dersom meirforbruk er under 1% av budsjettramme,
	Gult: Dersom meirforbruk er mellom 1% og 2% av budsjettramme
	Rødt: Dersom meirforbruk er over 2% av budsjettramme

Budsjettavvik på kommunalområde

OMRÅDE (Inkludert fondstransaksjoner)	REGNSKAP 2024	BUDSJETT 2024	AVVIK	Note	Status
ORGANISASJON OG UTVIKLING	61 685 977	61 260 919	425 058	1	
KULTUR OG OPPVEKST	337 107 069	327 392 689	9 714 380	2	
HELSE OG MESTRING	306 807 754	284 804 405	22 003 349	3	
SAMFUNN	39 342 989	40 021 271	-678 282	4	
VAR	-23 717 824	-26 305 097	2 587 273	5	
SUM KOMMUNALOMRÅDE	721 225 965	687 174 187	34 051 778		
Frie inntekter	-696 891 811	-706 393 000	9 501 189	6	
Eigedomsskatt	-11 560 135	-11 150 000	-410 135	7	
Andre statstilskot	-27 907 447	-32 504 000	4 596 553	8	
Renteinntekt og avkastning	-25 765 142	-10 500 000	-15 265 142	9	
Renteutgifter	49 211 545	49 619 982	-408 437	10	
Andre områder	41 248 305	42 696 088	-1 447 783	11	
SUM FELLESOMRÅDE	-671 664 685	-668 230 930	-3 433 755		
BRUK AV DISPOSISJONSFOND	49 561 280	18 943 257	30 618 023		

Note 1. Organisasjon og utvikling

Samla sett er resultatet ca som budsjettert for kommunalområde organisasjon og utvikling. Meirforbruk er i hovudsak knytt til programvarelisensar på ansvar for IKT.

Note 2. Kultur og oppvekst

Samla sett er det eit meirforbruk på 9,7 mill for kommunalområde kultur og oppvekst. Ei hovudforklaring på meirforbruket er at budsjetttramma har vore for lav, og særleg til å dekke utgifter til barn og unge som har behov ut over eit ordinært skuletilbod. I hovudsak gjeld dette elevar med behov for individuelt tilrettelagt opplæring og personleg assistanse i Sulaskulen, og Sulaelevar på skule i andre kommunar med tilsvarande behov. I tillegg har det vore ein auke i tal elevar som går på SFO, særleg etter innføring av gratis 12 t/veke for 1-3 klasse frå haust 2024. SFO er basert på eigenbetaling, noko som er krevjande for å støtte behov for elevar med særskilte behov for tilrettelegging i SFO. Samla sett gjekk likevel SFO i Sulaskulen i balanse i 2024. Totalt meirforbruk på dei fire kommunale skulane i kommunen var på 7 mill i 2024. Andre utgifter som bidreg til meirforbruket, er tal barn i institusjon, skuleskyss og omfang av enkeltvedtak om tilrettelegging for barn i barnehage, samt fleire barn i privat barnehage enn budsjettet. Samla prognose 1. tertial var på 12 mill. og det har heile året vore jobba godt med å halde styringsfarta nede og tiltak har vore sett inn i alle tenestene, og har medført eit mindre meirforbruk enn venta tidleg i 2024.

Note 3. Helse og mestring

Samla sett er det eit meirforbruk på 22 mill for kommunalområde helse og mestring (inkludert bruk og avsetning til bundne fond). Det var meirforbruk på alle einingar utanom Sulatunet. Meirforbruket skuldast i hovudsak lønn - ekstrahjelp, ferievikarar, overtid og vikarbyrå. Men òg at driftsutgiftene aukar meir enn budsjett - transport, multidoser, bilhald, mm.

Note 4. Samfunn

Samla sett er det eit mindreforbruk på 0,7 mill for kommunalområde Samfunn (inkludert bruk og avsetning til bundne fond). Mindreforbruk er knytt til driftsprosjekt som ikkje er ferdigstilt som til dømes reguleringsplanar, utbetaling av forsikringsoppgjer for skade i 2023 på Solevåg skule og vakanse i stillingar. Resultat utan dei nemnde faktorane vill ha

vore mellom 2 og 3 millionar svakare og dekker over utfordringar som underbudsjettering for drift av kommunal veg og for optimistiske budsjett for enkelte gebyrinntekter.

Note 5. VAR

Meirforbruk på VAR-området skuldast at avsetning til bundne fond blei høgare enn budsjettert. På VAR-området var det budsjettert med overskot og avsetning til bundne fond. Dette gjeld spesielt for område avløp. Årsaken til dette er å få ei jevnere auke i dei kommunale gebyra. Kalkulatoriske avskrivinger og renteugifter på VAR-området blei lavere enn budsjettert i 2024. Dette både på grunn av at kalkylerenta blei lavere enn budsjettert, samt at investeringsutgiftene i renseanlegget ikkje blei så høge som budsjettert. Lavere kalkulatoriske utgifter enn forventa har medført at sjølvkostresultatet blei betre enn forventa. Dette medfører igjen at avsetning til fond blei høgare enn budsjettert. Oversikt over resultat per sjølvkostområde framgår av note 15 i årsregnskapet

Note 6. Frie inntekter

Frie inntekter blei 9,5 mill lavere enn budsjettert. Tabellen under viser fordelinga av dei frie inntektene:

Frie inntekter	Regnskap	Budsjett	Differanse
Skatteinntekter	301 790 006	314 110 000	-12 319 994
Inntektsutjevning	51 199 095	56 300 000	-5 100 905
Rammetilskot	343 902 710	335 983 000	7 919 710
SUM	696 891 811	706 393 000	-9 501 189

Sula kommune har lave frie inntekter samanlikna med andre kommuner. Tabellen nedanfor er henta frå kommuneproposisjonen 2025. Tabellen viser nivået på frie inntekter i 2023 korrigert for variasjonar i utgiftsbehov. Tabellen viser prosent av landsgjennomsnittet av inntekt per innbyggjar. Landsgjennomsnittet = 100.

Kommune	Alt 1	Alt 2	Alt 3	Alt 4
Sula kommune	95	91	91	90
Giske kommune	95	94	94	93
Ålesund kommune	98	96	96	95
Sykkylven kommune	94	92	93	94
Stranda kommune	96	96	97	98
Rauma	96	100	101	102

Alt. 1: Korrigerte frie inntekter eksklusiv eigedomsskatt, produksjonsavgift på vindkraft, netto inntekt frå konsesjonskraft, krafttrettar og annan kraft for vidaresal

Alt. 2: Korrigerte frie inntekter inklusiv eigedomsskatt, produksjonsavgift på vindkraft, netto inntekt frå konsesjonskraft, krafttrettar og annan kraft for vidaresal

Alt. 3: Som i alternativ 2, pluss havbruksinntekter

Alt. 4: Som i alternativ 3, pluss fordel av differensiert arbeidsgivaravgift

Rangert etter alternativ 4 er Sula den kommunen i Møre og Romsdal med lavast inntektsnivå. Det er 10 andre kommunar i landet som har eit inntektsnivå på 90 eller mindre.

Sula kommune skal levere dei same kommunale tenestene som andre kommunar. Dette må vi gjere for 90% av gjennomsnittleg inntekt. Dette er utfordrande for økonomien.

I 2024 var gjennomsnittleg skatteinntekt per innbygger på 80,8%. Tabell under viser korleis skatteinntekt i prosent av landsgjennomsnittet blir berekna. Tabellen viser også korleis inntektsutjamninga blir berekna:

Skatteinntekt 2024	Sula	Norge	Differanse
Skatteinntekt	301 790 006	213 344 146 000	
Antall innbyggere 01.01.2024	9 720	5 550 203	
Skatt pr innbygger	31 048	38 439	-7 391
Skatt i prosent av landsgjennomsnitt	80,8 %		

Skatt pr innbygger	Sula	90% av Norge	Differanse
Skatt per innbygger	31 048	34 595	-3 547

Inntektsutjevning	Per innbygger	Forklaring
60% av diff frå landsgjennomsnitt	4 434	60% av 7.391kr
35% av diff frå 90% av lands.g.snitt	1 241	35% av 3.547kr
Finansiering av ordninga	-414	Frå prognosemodell
Sum inntektsutjevning	5 262	

Skatteinntekt per innbygger 2024	Sula
Skatteinntekt før inntektsutjevning	31 048
Inntektsutjevning	5 262
Sum skatt per inngygger	36 310
Skatt i prosent av landsgjennomsnitt	94,5 %

Skatteinntekt samla 2024	Sula
Skatteinntekt før inntektsutjevning	301 790 006
Inntektsutjevning	51 144 021
SUM skatt og inntektsutjamning	352 934 027
Skatt i prosent av landsgjennomsnitt	94,5 %

Dersom Sula kommune hadde hatt skatteinntekter lik landsgjennomsnittet så hadde inntektene vore ca 21 million kr høgare i 2024. I tillegg ligg Sula kommune ca 5% under landsgjennomsnittet på andre frie inntekter inntekter (eigedomsskatt, inntekt vindkraft/konsesjonskraft/anna kraft, havbruksinntekter, fordel av differensiert arbeidsgiveravgift). Dette utgjer ca 19 mill.

Note 7. Eigedomsskatt

Kategori	Antall	Skatt 2024	Skatt 2023	Skatt 2022	Skatt 2021	Skatt 2020	Kommentar
Bustad. Formuesgrunnlag	3 362	10 403 793	9 625 237	8 973 591	5 843 274	5 593 108	Botnfrådrag fjerna i 2022. Auke i FG
Bustad. Taksert	83	145 002	157 291	130 814	117 532	184 115	Ingen store endringer
Fritidsbustad. Taksert	133	29 593	25 995	26 519	2 625	4 770	Ingen store endringer
Naust. Taksert	318	34 520	33 350	30 953	32 306	65 937	2021: Minste fakt. auka frå 50kr til 300kr
Tomt bustad. Taksert	665	176 840	177 345	176 792	175 734	251 017	2021: Minste fakt. auka frå 50kr til 300kr
Næringseigedom	144	770 387	772 799	777 446	784 445	0	Innført i 2021
Sum	4 705	11 560 135	10 792 017	10 116 115	6 955 916	6 098 947	

Eigedomsskatten blei ca 400.000kr høgare enn budsjettert. Dette skuldast høgare auke i formuesgrunnlag enn forventa.

Gjennomsnittlig årleg eigedomsskatt for ein bustad i Sula kommune var 3.062kr i 2024.

Note 8. Andre statstilskot

"Andre statstilskot" består i hovudsak av integreringstilskot for flyktningar, samt tilskot frå Husbanken. Rente- og avdragskompensasjon frå Hubanken blei ca som budsjettert. Integreringstilskot for flyktningar blei lavere enn budsjettert. Hovudgrunnen til dette er at vi i budsjettprosessen for 2024 la til grunn for høgt flyktningmottak for 2023. Vi la til grunn mottak av 50 flyktningar i 2023. Faktisk mottak av flyktningar med registreringsdato i 2023 blei 34. Dette får stor innverknad på integreringstilskotet i 2024. Integreringstilskot i år 2 er på ca 250.000kr pr person. 16 færre i 2023 medfører redusert integreringstilskot i 2024 på 4 mill.

Note 9. Renteinntekt og avkastning

Renteinntekt i bank blei 2,3 mill høgare enn budsjettert. Avkastning frå fondsinvesteringar blei 12,9 mill høgare enn budsjettert. Pr 31.12.24 er saldo på

kortsiktige plasseringer i fondsplasseringar på 22,6 mill, medan langsiktige plasseringar i fondsforvaltning er på 110,1 mill. Total avkastning på fondsplasseringar i 2024 var på 17,7 mill. Avkastning på langsiktige plasseringar var 14,4 mill (avkastning på 15,04%)

Markedsverdi	Navn på fond	Type	Bruddsum	Type fond
10 546 386	Pluss Aksje	Aksjefond	18 800 501	Norske aksjefond
8 254 115	Pluss Markedsverdi	Aksjefond		
12 994 776	Pluss USA Aksje	Aksjefond	33 897 503	Utenlandske aksjefond
20 902 727	Pluss Utland Aksje	Aksjefond		
8 159 978	Pluss Pensjon	Obl.fond	57 362 704	Obligasjonsfond
49 202 726	Pluss Obligasjon	Obl.fond		
110 060 708	Verdi pr 31.12.24	SUM	110 060 708	
95 674 937	Verdi pr 31.12.23			
14 385 771	Avkastning i 2024	15,04 %		

Likvide midler	Saldo 31.12.24	Saldo 31.12.23	Endring	Avkastning i 2024
Bankbeholdning	92 436 127	85 938 116	6 498 011	5 640 060
Kortsiktig plassering. Pengemarked og aksjefond	22 582 486	31 239 066	-8 656 580	3 283 420
Sum	115 018 613	117 177 182	-2 158 569	8 923 480

Note 10. Renteutgifter

Renteutgift i 2024 blei på 49,2 mill. Dette er 0,4 mill lavere enn budsjettet. Total lånegjeld pr 31.12.24 er på 1,33 milliard. Pr 31.12.23 var total lånegjeld 1,25 milliard. Tabellen under viser utvikling i gjennomsnittlig rente frå 2022 til 2024:

	01.01.2022	31.08.2022	31.12.2022	31.08.2023	31.12.2023	31.08.2024	31.12.2024
Gj. snitt rente	1,43 %	1,93 %	2,62 %	3,28 %	3,58 %	3,67 %	3,51 %

Note 11. Andre områder

Andre områder består av premieavik pensjon, politisk styring, revisjon, kontrollutval, avdrag, og avsatte flyktningmidlar. På desse områda er det meirforbruk på nokre områder og mindreforbruk på andre områder. I sum eit mindreforbruk på 1,45 mill. Tabellen nedanfor spesifiserer budsjettavvik på desse områda.

Andre områder	Regnskap	Budsjett	Avvik
Sentralt avsatte flyktningmidlar	0	3 000 000	-3 000 000
Pensjon/Premieavvik	-12 894 993	-15 193 297	2 298 304
Politisk styring, revisjon, kontrollutval	6 182 070	5 705 035	477 035
Avdrag på lån	47 500 000	48 800 000	-1 300 000
Andre poster	76 878	0	76 878
SUM	40 863 955	42 311 738	-1 447 783

Budsjettavvik på einingsnivå

Tabellane under viser budsjettavvik på einingsnivå. Tala er inklusiv fondstransaksjonar.

Til kvar eining står det ein kommentar til budsjettaviket.

Status	For einingar med budsjetttramme under 10 mill:
	Grønt: Dersom meirforbruk er under 100.000kr av budsjetttramme
	Gult: Dersom meirforbruk er mellom 100.000kr og 200.000kr av budsjetttramme
	Rødt: Dersom meirforbruk er over 200.000kr av budsjetttramme
Status	For einingar med budsjetttramme over 10 mill:
	Grønt: Dersom meirforbruk er under 1% av budsjetttramme,
	Gult: Dersom meirforbruk er mellom 1% og 2% av budsjetttramme
	Rødt: Dersom meirforbruk er over 2% av budsjetttramme

ORGANISASJON OG UTVIKLING	REGNSKAP 2024	BUDSJETT 2024	AVVIK	KOMMENTAR	STATUS
KOMMUNEDIREKTØR	2 156 842	2 732 629	-575 787	Mindreforbruk er knytt til ubrukte midler til budsjetttiltak i 2024 "Prosjekt Borgundfjordtunnelen" (550.000kr)	
ORGANISASJON OG UTVIKLING	5 183 585	5 011 652	171 933	Meirforbruk skuldast i hovudsak at det er budsjetttert med sjukepengerefusjon på ca 200.000kr. Innbetalt sjukepengerefusjon er bokført på andre ansvar. Så meirforbruk på organisasjon og utvikling må sjåast i samheng med mindreforbruk på andre ansvar.	
STRATEGI OG STYRING	5 459 478	5 609 783	-150 305	Mindreforbruk knytt til at driftsutgifter er lavere enn budsjetttert (forbruksmateriell, inventar, utsyr, bevertning osv)	
SERVICE OG KOMMUNIKASJON	6 236 681	6 907 289	-670 608	Mindreforbruk i hovudsak knytt til sjukepengeref. Det er også også mindreforbruk på andre driftsutgifter, og inntekt er litt høgare enn bud.	
ØKONOMIAVDELINGA	4 744 955	4 624 293	120 662	Meirforbruk skuldast i hovudsak at lønnsugifter er høgare enn budsjetttert. Dette gjeld overtidsarbeid.	
HR, LØN OG HOVUDTILLITSVALDE	6 250 550	6 314 835	-64 285	Regnskap ca som budsjetttert. Mindreforbruk skuldast i hovudsak sjukepengerefusjon.	
IKT	24 241 574	22 860 367	1 381 207	Meirforbruk er i hovedsak knytt til programvarelisensar og lisensar knytt til velferdsteknologi.	
POLITISK SEKRETARIAT	1 094 549	1 098 251	-3 702	Regnskap er som budsjetttert.	
OVERF. TIL SOKNERÅDET	6 317 763	6 101 820	215 943	Ordinært driftstilskot er som budsjetttert. Meirforbruk er knytt til arbeid/vedlekehald utført på kirkebygg og på gravplass	
SUM ORG. OG UTVIKLING	61 685 977	61 260 919	425 058	Samla sett eit meirforbruk på 425.000kr	

KULTUR OG OPPVEKST	REGNSKAP 2024	BUDSJETT 2024	AVVIK	KOMMENTAR	STATUS
ADMINISTRASJON OPPVEKST	1 384 855	2 378 357	-993 502	Mindreforbruket for 2024 er i hovudsak knytt til kursutgifter som var sett av til vidareføring av leiarutvikling (bla. ubrukte tilskotsmidlar på bundne fond) og fastløn Tiltak for å redusere meirforbruket gjennom året vart å redusere reiser, kurs og innkjøp til eit minimum.	●
FELLESUTG. UNDERVISNING/SFO	21 726 965	16 837 441	4 889 524	Meirforbruket er i hovudsak knytt til utgifter for elevar som går på private skular i anna kommune (elevar med behov for individuelt tilrettlagt opplæring) og til skuleskyss. Tiltak for å redusere behov for skyss for særleg farleg skuleveg er i gang. Det er gjort eit arbeid med å sikre at vi har ei god rutine for samarbeid med private skular, og delar av arbeidet har vi samarbeidd med andre kommunar i regionen om. Eit tiltak er også å sikre at vi har gode skular i Sula som gjer at fleire elevar vel å gå på nærskulen.	●
SOLEVÅG SKULE/SFO	24 000 263	21 449 087	2 551 176	Meirforbruk hovudsak knytt til høge lønnskostnader, og nye omfattande tiltak frå haust 2024, samt høgare driftsutgifter enn budsjettert. Tiltak for å redusere meirforbruket gjennom året har vore nøktern bruk av vikar ved fråvær og tilpassa drift til tal elevar frå haust 2024.	●
RØRSTADMARKA	23 141 505	21 421 911	1 719 594	Meirforbruk blant anna knytt til elevar med behov for personleg assistanse, og lågare inntekt SFO. Tiltak for å redusere meirforbruket gjennom året har halde stillingar vakant og samordna meir tilpassa undervisning.	●
LANGEVÅG SKULE/SFO	46 067 858	43 312 755	2 755 103	Meirforbruket er lågare enn 2. tertial, blant anna grunna endra organisering av individuelt tilrettelagt opplæring frå haust 2024, og som har medført auke i pedagog og reduksjon i tal assistentar. Det har også vore høgare refusjonar enn venta. Samtidig har auke i pedagogressursar medført auka utfordring med å få nok assistentar til SFO. Tiltak for å redusere meirforbruket gjennom året har vore omorganisering av individuelt tilrettelagt undervisning frå haust 2024. Og redusert kostnader knytt til innkjøp til eit minimum.	●
SULA UNGDOMSSKULE	45 007 708	45 080 629	-72 921	Årsrekneskap vart eit budsjett om lag i balanse, litt høgare refusjon enn venta forklarar mindreforbruket. Tiltak har vore fokus på å halde forbruket nede ut året.	●
FELLESUTGIFTER BARNEHAGE	675 684	1 545 230	-869 546	Mindreforbruk skuldast i hovudsak kompetansemidlar som gjeld barnehageåret, og difor midlar som vart sett på fond for å fortsette med kompetanseutvikling våren 2025 Tiltak har vore å halde ei nøktern drift og innkjøp på eit minimum.	●
SUNDE BARNEHAGE	7 527 311	7 585 118	-57 807	Årsrekneskap om lag i balanse. Tiltak har vore å redusere driftsutgifter ved innkjøpsstopp, og mindre vikarinnleige der det har vore mogleg	●
MÅSEIDE BARNEHAGE	12 817 458	12 952 917	-135 459	Samla mindreforbruk skuldast i hovudsak endring i barnetal H-24 og høgare refusjonar enn venta. Tiltak har vore å halde ei nøktern drift og innkjøp på eit minimum.	●

KULTUR OG OPPVEKST	REGNSKAP 2024	BUDSJETT 2024	AVVIK	KOMMENTAR	STATUS
LANGEVÅG BARNEHAGE	17 711 622	18 354 570	-642 948	Mindreforbruk skuldast i hovudsak lågare barnetal enn som vart lagt til grunn i budsjett. Lønnstilskot og sjukelønnsrefusjon vart høgare enn venta. Tiltak har vore å halde ei nøktern drift og innkjøp på eit minimum.	●
MOLVÆR BARNEHAGE	10 642 302	10 569 613	72 689	Årsrekneskapen viser eit lite meirforbruk grunna noko mindre brukarbetaling enn budsjettet. Tiltak har vore å halde ei nøktern drift og innkjøp på eit minimum.	●
PRIVATE BARNEHAGAR	58 976 576	58 002 879	973 697	Kommunen fekk eit meirforbruk grunna fleire barn i private barnehagar enn budsjettet. Tiltak er heile tida å ha fokus på å drive dei kommunale barnehagane så kostnadseffektivt som mulig. Dette påverker tilskotssats for private to år fram i tid.	●
VOKSENOPPLÆRINGA	2 271 298	2 452 977	-181 679	Samla mindreforbruk skuldast i hovudsak større refusjon enn venta. Tiltak har vore å halde ei nøktern drift og innkjøp på eit minimum.	●
TBU - tiltak for barn og unge	53 562 408	53 439 582	122 826	Eininga har eit resultat omlag i balanse. Tiltak som avlastning, fosterheimsgodtgjersle og institusjon hadde eit stort mindreforbruk på om lag 2.1 million, grunna endringar gjennom året. I tillegg vart det høgare sjukelønnsrefusjon enn venta. Tilskot frå IMDI til barn med omfattande behov har også bidrege til at venta meirforbruk tilretteleggingsmidlar for barn med funksjonsnedsetting vart lågare enn venta. Tiltak for å halde driftnivået nede har vore å halde reiser og kurs og innkjøp på eit minimum.	●
ADMINISTRASJON KULTUR	1 333 574	1 409 212	-75 638	Samla sett gjekk kultur med eit mindreforbruk i 2024. Det har vore nøktern drift samla sett. Kultureininga samla har mange aktivitetar som vert dekkja opp av eksterne midlar og samla sett hatt større inntekter enn venta. Tiltak for å halde eit budsjett i balanse gjennom året, har også vore å ikkje foreta innkjøp av utstyr og innkjøp er redusert til minimum.	●
MUSIKKSKULE OG KULTURSKULE	4 388 991	4 281 107	107 884	Meirforbruket ved kulturskulen er i hovudsak knytt til vikarutgifter utan refusjon. Nytt tiltak som dirigent/musikalsk leiar demenskor vert dekkja av bundne fond fram til vår 2025. Tiltak har vore å halde fokus på kostnaskutt der det har vore mogleg.	●
BIBLIOTEK	2 420 360	2 447 464	-27 104	Rekneskap viser eit budsjett i balanse for 2024 grunna dekking av eksterne midlar og bruk av fond. Tiltak har vore å halde fokus på kostnaskutt der det har vore mogleg.	●
FRITIDSKLUBB, UTEKONTAKT, ANNA	3 450 331	3 871 840	-421 509	Mindreforbruket skuldast bruk av rapporteringspliktige fond frå Bufdir for 2024, og sjølv om møtegodtgjersle for ungdomsrådet er underbudsjettet og får eit meirforbruk i 2024.	●
SUM KULTUR OG OPPVEKST	337 107 069	327 392 689	9 714 380	Meirforbruk	●

HELSE OG MESTRING	REGNSKAP 2024	BUDSJETT 2024	AVVIK	KOMMENTAR	STATUS
ADMIN., SAMT TILSKOT VTA-BEDRIFT	3 304 154	3 288 465	15 689	Kommentar: Tilskotet til Sula Vekst vart høgare enn budsjettert. Opplæringskostnader gjennom året blir godskrive einingane i fbm årsoppgjeret og vil redusere mindreforbruket. Men ansvaret vil gå i balanse Tiltak: Ingen	●
HELSETENESTA	27 808 959	26 336 571	1 472 388	Kommentar: Meirforbruk. Kjøp av tenester frå ÅILV er høgare enn budsjettala, kr 780' pr november. Inntektene er høgare. Gjestepasientoppgjret e ikkje kjent. Betydelige refusjonar kjem inn i desember. Tiltak: Justere budsjettet	●
NAV	25 905 661	23 790 237	2 115 424	Kommentar: Meirforbruk. I hovudsak knytt til sosialhjelpsutgifter, både flyktningar og ordinær. Mindrefoorbruk i KVP. Auke kostnader til Krisesenter for Sunnmøre, kr 250' (ikkje kompensert). Auka kostnader til Ålesund voksendopplæring (flyktningar). Tiltak: Auka kompetanse på råd og rettleiing. "Ung mestring" har fått fleire av deltakarane over i lønna arbeid. Vurderer "ventelønn" for flyktningar som alternativ til sosialhjelp i påvente av oppstart av norskopplæring.	●
SULATUNET	51 944 752	52 441 021	-496 269	Kommentar: Mindreforbruk, hovudsakleg pga sparte lønnsmidlar i fbm med fråver på nøkkelpersonell (vanskeleg å skaffe vikar). Innstramming på kurs og tenestereiser. Vi har betalt gebyr til helseforetaket for 10 døgn til no i år. Auka inntekter frå sal av mat Tiltak: Ingen nye	●
HEIMETENESTA	64 409 745	57 812 119	6 597 626	Kommentar: Meirforbruk på lønn i alle avdelingar, ekstrahjelp og overtid Også meirforbruk driftsutgifter som bilhald, multidose, arbeidskleordninga og generell prisvekst. Tiltak: Stram drift mtp kurs, innleige, sagt opp multidoseabbonnement. Det er krevjande å kutte i lovpålagt teneste.	●
BUKOLLEKTIVA	51 666 377	47 065 149	4 601 228	Kommentar: Knapp grunnbemanning. Meirforbruk i boavdelingane, størst ved Sloghaugvegen 28. Årsak naudsynt brukarrelatert innleige, opplæringskostnader og rekrutteringsvanskar. Ikkje-kompensert auke i transportkostnader til dagsentra. Tiltak: Generell innstramming, justering av vaktlengder, m.m.	●
BU OG AKTIVITETSTENESTA	81 768 106	74 070 843	7 697 263	Kommentar: Meirforbruket skuldast lønnsrelaterte utgifter og kostnader med igangsette tiltak (nye brukarar) som ikkje er finansiert. Tiltak: Endring av teneste tilbod, flytting av brukarar, auke i avlasting og andre lavterskeltilbod, heiltidskultur,	●
SUM HELSE OG MESTRING	306 807 754	284 804 405	22 003 349	Meirforbruk	●

SAMFUNN	REGNSKAP 2024	BUDSJETT 2024	AVVIK	KOMMENTAR	STATUS
ADMIN. OG FELLESUTGIFTER	1 826 332	2 599 174	-772 842	Kommentar: Mindreforbruk knytt til løn. Tiltak: innkjøpsstopp for kurs og reiser	●
VEGAR	6 241 996	4 730 758	1 511 238	Kommentar: Meirforbruk knytt til vinter- og sommerkvedlikehald av veg. Vakante stillingar i heile 2024. Tiltak: innkjøpsstopp for kurs og reiser og streng prioritering av vedlikehaldstiltak for kommunal veg	●
BRANN OG ULYKKESVERN	10 340 119	9 808 834	531 285	Kommentar: Meirforbruk knytt til tenestekjøp. Budsjett er justert i 2025 Tiltak: tenestekjøp av Ålesund brannvesen	●
PARK- OG GRØNTAREAL, UTESTYR	2 441 455	2 764 692	-323 237	Kommentar: Mindreforbruk Tiltak: som for Eigedom	●
EIGEDOM	11 176 120	13 660 207	-2 484 087	Kommentar: Mindreforbruk i stor grad knytt til refusjon for brannskade på Solevåg skule i 2023 på kr. 832 000,- ført som inntekt i 2024 og vakant stilling (1 årsverk). Tiltak med sikte på kostnadsreduksjon har hatt verknad i tillegg. Tiltak: streng prioritering av vedlikehaldstiltak, kostnadsbesparande tiltak innan renovasjon, kostnadsbesparande tiltak innan reinhald, streng prioritering for reiser og kurs	●
PLAN, BYGGESAK OG GEODATA	7 316 967	6 457 606	859 361	Kommentar: Plansak har svikt i gebyrinntekter på grunn av manglande kapasitet. Byggesak går i balanse. Geodata har svikt i gebyrinntekter. Tiltak: innkjøpsstopp for reise og kurs	●
SUM SAMFUNN	39 342 989	40 021 271	-678 282	Mindreforbruk er knytt til driftsprosjekt som ikkje er ferdigstilt som til dømes reguleringsplanar, utbetaling av forsikringsoppgjer for skade i 2023 på Solevåg skule og vakanse i stillingar. Resultat utan dei nemnde faktorane ville ha vore mellom 2 og 3 millionar svakare og dekker over utfordringar som underbudsjettering for drift av kommunal veg og for optimistiske budsjett for enkelte gebyrinntekter.	●
VATN, AVLØP, RENOV., FEIING	-23 717 824	-26 305 097	2 587 273	Høgare avsetning til bundet fond enn budsjett	●

FELLESOMRÅDE	REGNSKAP 2024	BUDSJETT 2024	AVVIK	KOMMENTAR	STATUS
Sentralt avsatte flykningmidlar	0	3 000 000	-3 000 000	Sjå i samanheng med lavere integrerinstilskot enn budsjett	●
Pensjon/Premieavvik	-12 894 993	-15 193 297	2 298 304	Premieavvik pensjon/ amortisering av premieavvik lavere enn budsjett	●
Frie inntekter	-696 891 811	-706 393 000	9 501 189	Frie inntekter 9,5 mill lavere enn budsjett	●
Eigdomsskatt	-11 560 135	-11 150 000	-410 135	Eigedomsskatt høgare enn budsjett. Kjem av auke i formuesgrunnlag	●
Renteinntekter	-7 841 197	-5 500 000	-2 341 197	Renteinntekter høgare enn budsjett	●
Renteutgifter	49 211 545	49 619 982	-408 437	Renteutgifter noko lavere enn budsjett	●
Gevinst fondsforvaltning	-17 923 945	-5 000 000	-12 923 945	Avkastning på fondsplasseringar høgare enn budsjett	●
Andre statstilskot	-27 907 447	-32 504 000	4 596 553	I hovudsak knytt til at integreringstilskot for flyktningar blei lavere enn budsjett	●
Politisk styring, revisjon	6 182 070	5 705 035	477 035	Meirforbruk i hovudsak knytt til møtegodtjersle	●
Bruk og avsetning fond	-49 456 780	-18 843 257	-30 613 523	Bruk av disposisjonsfond blei 30,6 mill høgare enn budsjett	●
Avdrag på lån	47 500 000	48 800 000	-1 300 000	Minimumsavdrag lavere enn budsjett	●
Andre poster	356 728	284 350	72 378	Diverse andre poster	●
SUM "FELLESOMRÅDE"	-721 225 965	-687 174 187	-34 051 778	Mindreforbruk på "fellesområde"	●

Forklaring på endring i netto driftsresultat frå 2023 til 2024

Netto driftsresultat i 2024 er 28,7 mill dårlegare enn netto driftsresultat i 2023. Tabellen under forklarar endring:

Forklaring på endring i netto driftsresultat frå 2023 til 2024	Beløp
Reduksjon i oppgavekorrigere frie inntekter	-6 000 000
Auke i netto finansutgifter (finansutgifter - finansinntekter) *	-6 500 000
Auke knytt til vedtatte nye driftstiltak utan statleg finansiering **	-7 900 000
Andre endringar (f.eks knytt til auke i tenestebehov)	-8 300 000
Sum endring frå 2023 til 2024	-28 700 000

*. Netto finansutgifter:


Finansutgifter	2024	2023	Endring
Renteutgifter	49 200 000	39 700 000	9 500 000
Avdragsutgifter	47 500 000	48 000 000	-500 000
Sum finansutgifter	96 700 000	87 700 000	9 000 000
Finansinntekter	2024	2023	Endring
Renteinntekter	7 800 000	8 200 000	-400 000
Avkastning	17 900 000	15 000 000	2 900 000
SUM finansinntekter	25 700 000	23 200 000	2 500 000
Netto finansutgifter (utgift-inntekt)	71 000 000	64 500 000	6 500 000

**. Auke knytt til vedtatte nye driftstiltak utan statleg finansiering:

Driftstiltak 2024	Beløp
K-66/23. Sula Sokn. Rammeauke	200 000
K-66/23. Kontrollutvalet og revisjonstenester	216 000
K-66/23. IKT. Digitalisering publikumskontakt	110 000
K-66/23. IKT. Nytt fagsystem barnevern (ekstra lisenskostnader)	60 000
K-66/23. IKT. Visma Enterprise. Ekstra lisenskostnad til skyløsning	270 000
K-66/23. IKT. Forbedret innsynsmodul i Acos	140 000
K-66/23. IKT. Dossier Kommunalønsning	200 000
K-66/23. Etablering av miljøterapeutisk teneste i heimetenasta	1 045 000
K-66/23. Auka innsats demensteam	190 000
K-66/23. Sulatun. D-vakt korttidsavdelinga 140 % stilling	931 000
K-66/23. Driftstilskott fysioterapi	390 000
K-66/23. Kulturkarusell for eldre	320 000
K-93/24 Utbetring fasade gymbygg ved Langevåg skule	1 900 000
F-103/24 Forliksavtale Boligareal	1 900 000
SUM	7 872 000

Utvikling i netto driftsresultat dei siste åra

Grafen nedanfor viser utvikling i netto driftsresultat frå 2009 til 2024. Som forklart i førre avsnitt så er netto driftsresultat i 2024 er 28,7 mill dårlegare enn netto driftsresultat i 2023. Grafen viser at det har vore ei negativ utvikling kvart år frå 2021.



Netto driftsresultat i 2024 er 74,4 mill dårlegare enn i 2021. Det er tre hovudforklaringar på nedgangen. Den eine er reduksjon i oppgavekorrigerte frie inntekter. Den andre er auke i netto finansutgifter, og den tredje er auke knytt til vedtatte nye driftstiltak utan statleg finansiering. Tabellen under spesifiserer endring:

Forklaring på endring i netto driftsresultat frå 2021 til 2024	Beløp
Reduksjon i oppgavekorrigerte frie inntekter *	-25 100 000
Auke i netto finansutgifter **	-20 500 000
Auke knytt til vedtatte nye driftstiltak utan statleg finansiering ***	-20 000 000
Andre endringar (f.eks knytt til auke i tenestebehov)	-8 800 000
Sum endring frå 2021 til 2024	-74 400 000

*. Reduksjon i oppgavekorrigerte frie inntekter

Tabellen under viser utvikling i oppgavekorrigerte frie inntekter for Sula kommune. Dei frie inntektene er også justert for lønns- og prisvekst (kommunal deflator) slik at alle beløpa er i «prisnivå» 2024.

Korr. frie inntekter	2021	2022	2023	2024
Rammetilskot	347 279 449	313 129 695	340 135 708	343 902 710
Inntektsutjamning	56 847 698	66 859 096	66 963 132	51 199 095
Skatteinntekter	317 900 457	331 062 590	295 759 061	301 790 006
SUM frie inntekter	722 027 605	711 051 381	702 857 901	696 891 811
Endring frå 2021		-10 976 224	-19 169 703	-25 135 794
% endring frå 2021		-1,5 %	-2,7 %	-3,5 %

**** Netto finansutgifter:**

Finansutgifter	2021	2022	2023	2024
Renteutgifter	16 600 000	23 200 000	39 700 000	49 200 000
Avdragsutgifter	45 000 000	45 000 000	48 000 000	47 500 000
Sum finansutgifter	61 600 000	68 200 000	87 700 000	96 700 000
Finansinntekter	2021	2022	2023	2024
Renteinntekter	3 100 000	5 600 000	8 200 000	7 800 000
Avkastning	8 000 000	-1 600 000	15 000 000	17 900 000
SUM finansinntekter	11 100 000	4 000 000	23 200 000	25 700 000
Netto finansutgifter	50 500 000	64 200 000	64 500 000	71 000 000
Endring frå 2021		13 700 000	14 000 000	20 500 000

***** Auke knytt til vedtatte nye driftstiltak utan statleg finansiering:**

Vedtatte driftstiltak 2022-2024	Beløp
Vedtatt 2022. Driftstiltak IKT	800 000
Vedtatt 2022. TBU. 30% stilling skulehelsesjokepleier	225 000
Vedtatt 2022. TBU. 50% stilling psykiatrisk sjukepleiar TBU-ungdom	375 000
Vedtatt 2022. Økte kostnader leasing Ipad	300 000
Vedtatt 2022. Kulturkarusell	510 000
Vedtatt 2022. Kultur og idrettsfond	500 000
Vedtatt 2023. IKT støtte og support	650 000
Vedtatt 2023. IKT. Felles endepunktssikring med eKommune Sunnmøre	840 000
Vedtatt 2023. Auke i kostnader leasing Ipad	1 230 847
Vedtatt 2023. Helseplattform	2 281 300
Vedtatt 2023. Helseeininga. Styrking samfunnsmedisinsk kompetanse	270 000
Vedtatt 2023. Helseeininga. 100% kommunal fysioterapistilling	550 000
Vedtatt 2023. Heimetenesta. 20% HBO ytre	135 000
Vedtatt 2023. Heimetenesta. 80% avd.l.Molværsvegen 11	600 000
Vedtatt 2023. Heimetenesta. 70% psyk.helse	500 000
Vedtatt 2023. Heimetenesta. 50% Palliativkoordinator/kreftkoordinator	390 000
Vedtatt 2023. Omstilling- og effektiviseringstiltak	1 000 000
Vedtatt 2023. Vedlikehald bygg	1 000 000
Vedtatt 2024. K-66/23. Sula Sokn. Rammeauke	200 000
Vedtatt 2024. K-66/23. Kontrollutvalet og revisjonstenester	216 000
Vedtatt 2024. K-66/23. IKT. Digitalisering publikumskontakt	110 000
Vedtatt 2024. K-66/23. IKT. Nytt fagsystem barnevern (ekstra lisenskostnader)	60 000
Vedtatt 2024. K-66/23. IKT. Visma Enterprise. Ekstra lisenskostnad til skyløsning	270 000
Vedtatt 2024. K-66/23. IKT. Forbedret innsynsmodul i Acos	140 000
Vedtatt 2024. K-66/23. IKT. Dossier KommuneLøsning	200 000
Vedtatt 2024. K-66/23. Etablering av miljøterapeutisk teneste i heimetenesta	1 045 000
Vedtatt 2024. K-66/23. Auka innsats demonsteam	190 000
Vedtatt 2024. K-66/23. Sulatun. D-vakt korttidsavdelinga 140 % stilling	931 000
Vedtatt 2024. K-66/23. Driftstilskott fysioterapi	390 000
Vedtatt 2024. K-66/23. Kulturkarusell for eldre	320 000
Vedtatt 2024. K-93/24 Utbetring fasade gymbygg ved Langevåg skule	1 900 000
Vedtatt 2024. F-103/24 Forliksavtale Boligareal	1 900 000
SUM	20 029 147

Utvikling i utgiftsnivå 2021-2024

Tabellen nedafor viser utvikling i resultat per kommunalområde (inkludert bruk av avsetning til bundne fond) for perioden 2021 til 2024.

Det er gjort følgende justeringar i tala for å gjere dei samanliknbare mellom år:

- Netto driftsutgifter på kommunalområda er justert for premieavvik og amortisering av premieavvik knytt til pensjon (blir ført sentralt, men «tilhører» pensjonskostnaden)
- Netto driftsutgifter er korrigert for lønns- og prisvekst (kommunal deflator), slik at alle tala er i «prisnivå» 2024.
- Refusjon ressurskrevjande brukerar er ført på område Helse og mestring frå 2024. Tidlegare blei refusjonen ført «sentralt». I tabell nedanfor er refusjon for tidlegare år flytta til Helse og mestring.

Kommunalområde	Regnskap 2021	Regnskap 2022	Regnskap 2023	Regnskap 2024
Organisasjon og utvikling	55 298 276	54 465 002	57 313 683	60 618 191
Kultur og oppvekst	305 375 492	307 085 101	314 870 894	331 271 738
Helse og mestring	262 786 941	264 240 786	289 238 535	301 496 905
Samfunn (ekslusiv VAR)	37 225 189	36 708 144	34 625 186	38 661 961
VAR (sjølvkost)	-17 048 382	-24 281 413	-23 411 254	-23 717 824
Politisk styring	6 129 336	5 260 186	6 885 834	6 182 070
SUM	649 766 852	643 477 805	679 522 878	714 513 042

Organisasjon og utvikling

Auke frå 2022 til 2023 på ca 3 mill følger i stor av vedtatte tiltak/endringar i budsjett 2023 på til saman 2,7 mill (IKT støtte og support, IKT felles endepunktssikring, maling av Indre sula kyrkje, eigedomsutvikling, organisasjonsutvikling)

Auke frå 2023 til 2024 på ca 3 mill skuldast i stor grad vedtatte tiltak/endringar i budsjett 2024. Den største endringa er lisensutgifter knytt til Helseplattformen på ca 2 mill (bokført på område IKT). Det har også vore auke i lønnsutgifter på område IKT. Dette er knytt til heilårsverknad av ny IKT medarbeider som blei ansatt i 2023 (som budsjettert).

Kultur og oppvekst

Endring frå 2021 til 2022: Driftsnivå i 2022 auka med 1,7 mill samanlikna med 2021. Ei forklaring på auke i netto driftsnivå er redusert foreldrebetaling i SFO pga gratis SFO (12 t) for 1. trinn frå august 2022. Sula kommune fekk 1,4 mill i auka rammetilskot som kompensasjon for dette. Tilsvarende beløp blei tilført budsjettet til oppvekst.

Endring frå 2022 til 2023: Driftsnivå i 2023 auka med 7,8 mill samanlikna med 2022. Dette forklares i stor grad av statlig bestemte oppgaveendringer (ca 5,7 mill), samt auke i kostnader knytt til leasing av lpadar (ca 1,2 mill).

Oppgaveendringane medfører både auke i utgifter og auke i rammetilskot. I 2023 utgjorde denne type oppgaveendringer totalt 5,7 mill i auka rammetilskot (og auka budsjett for oppvekst). Dette gjaldt:

- * 3,1 mill i kompensasjon for redusert foreldrebetaling i SFO knytt til gratis deltids plass i 1 klasse (heilårseffekt av vedtak i 2022), samt kompensasjon for redusert foreldrebetaling i SFO knytt til gratis deltids plass for 2. klasse frå haust 2023.
- * 1 mill i kompensasjon knytt til aukte kostnader i forbindelse med barnevernsreforma
- * 1,5 mill i kompensasjon for redusert foreldrebetaling i barnehagen som følge av reduksjon i makspris

Endring frå 2023 til 2024: Driftsnivå i 2024 auka med 16,4 mill samanlikna med 2023. Dette kan i stor grad forklares med statlig bestemte oppgaveendringer (ca 7 mill), samt auke i utgiftsnivå på skule (ca 5 mill) og barnevern (ca 4 mill). Utgiftsauke i skulane er i stor grad knytt til lovpålagte og kostbare tiltak mot enkeltelevar som treng ekstra oppfølging. Utgiftsauke i barnevern er knytt til kostnadskrevjande tiltak, samt tilrettelegging i barnehage (barnehagelova § 37, barn med nedsett funksjonsevne). Utgifter til kjøp frå andre kommuner knytt til undervisning for elevar heimehøyrande i Sula er også med på å forklare utgiftsauken. Desse utgiftene har auka med ca 1,7 mill frå 2023 til 2024.

Når det gjeld oppgaveendringar på totalt 7 mill så er det knytt til dette:

* 3,6 mill i kompensasjon knytt til gratis deltids plass (12 timar gratis på SFO) 2. klasse (heilårseffekt av endring i 2023), samt kompensasjon knytt til gratis deltids plass 3. klasse frå hausten 2024.

* 3,1 mill i kompensasjon knytt til reduksjon i makspris i barnehage

* 0,4 mill: Sum av andre mindre oppgaveendringar.

Helse og mestring

Endring frå 2021 til 2022: Auke i driftsnivå på ca 1,5 mill er ca tilsvarende beløp som statlege bestemte oppgaveendringar for 2024. Rammetilskot knytt til oppgaveendringar innan Helse og mestring auka med ca 1,2 mill i 2022. Dette gjaldt i hovudsak auke i basistilskot for fastlegar, samt auke i utgifter knytt til forvaltning og drift av nasjonale e-helseløysingar.

Endring frå 2022 til 2023: Driftsnivå i 2023 auka med ca 25 mill samanlikna med 2022.

Forhold som i hovudsak forklarar auka:

* Utgifter til integreringstenesta for flyktningar auka med 7,2 mill frå 2022 til 2023. Dette må sjåast i samanheng med at integreringstilskot for flyktningar auka med nesten tilsvarende beløp (6,8 mill) frå 2022 til 2023. Utgiftene til integreringstenesta for flyktningar bokføres på helse og mestring, medan integreringstilskot bokføres sentralt.

* NAV: Utgifter til utbetaling av sosialhjelp auka med ca 1 mill samanlikna med 2022

* Helseplattformen: Det påløpte ein del ekstra utgifter (kurs, overtid, vikarinnleige osv) i 2023 knytt til innføring av helseplattformen. Desse ekstra utgiftene utgjorde ca 3,5 mill i 2023

* Auke i utgifter som følge av vedtatte tiltak i budsjett 2023: I budsjett 2023 blei det vedtatt ei budsjettauke på ca 4 mill knytt til nye tiltak. Dette gjaldt blant anna styrking i basistilskot for fastlegar (finansiert med auke i rammetilskot), barnekoordinator (finansiert med auke i rammetilskot), ny kommunal fysioterapistilling, auke knytt til psykisk helse m.m.

* Punkta ovanfor forklarar ca 16 mill i auka frå 2022 til 2023. Resterande auke kan forklarast med auke i etterspørrel etter tenester, både i omfang og kompleksitet.

Endring frå 2023 til 2024: Driftsnivå i 2024 er auka med 12 mill samanlikna med 2023.

Forhold som i hovudsak forklarar auka:

* Nye satsningar/tiltak for 2024 vedtatt av kommunestyret. Dette forklarar ei auke på 6,4 mill. Dette gjaldt blant anna etablering av miljøterapautesk teneste i heimetenesta, driftstilskott fysioterapi, kulturkarusell for eldre, styrking basistilskott fastlegar (finansiert av auke i rammetilskott), auke utbetaling til sosialhjelp knytt til auke i satsar (finansiert av auke i rammetilskott) og auka innsats demensteam.

* Redusksjon i refusjon ressurskrevjande brukarar på 1,2 mill som følge av redusert pensjonspåslag. Dette på grunn av bruk av premiefond for pensjon. Pensjonspåslaget blir berekna av betalt pensjonspremie. Når vi bruker av premiefondet blir betalt pensjonspremie mindre og dermed også pensjonspåslaget mindre.

* Resterande auke på ca 4,4 mill forklarast med auke i etterspørsel etter tenester, både i omfang og kompleksitet

Samfunn

Driftsnivå blir blant anna påverka av endring i årlege bevilgningar knytt til spesifikke tiltak. Dette kan f.eks vere arbeid/kjøp av tenester i forbindelse med reguleringsplan, og det kan vere ekstrabevilgningar knytt til spesifikke reperasjonar og vedlikehald (slik som f.eks. reperasjon av fasade på gymbygget ved Langevåg skule i 2024, ca 2 mill). I perioden 2021-2024 ser vi likevel at driftsnivået samla sett er ganske stabilt. Driftsnivå for 2024 er ca på nivå med driftsnivå i 2021.

Politisk styring

Driftsnivå for politisk styring er forholdsvis stabilt frå år til år. Svingningar i utgiftsnivå heng til ein viss grad saman med kva for år det er valg. Utgifter til gjennomføring av eit val er på rundt 500.000kr. I tillegg vil det kome ytterlegare utgifter i år der det er kommunestyreval. Då kjem det f.eks utgifter til politikeropplæring.


Inntekter og utgifter i driftsregnskapet

Tabellen nedanfor viser inntekter og utgifter i økonomisk oversikt drift:

Driftsinntekter	2024	I % av total	2023	I % av total
Rammetilskudd og skatteinntekter	696 891 811	69,7 %	665 292 051	70,5 %
Eiendomsskatt	11 560 135	1,2 %	10 745 115	1,1 %
Andre overføringer og tilskudd fra staten	27 534 447	2,8 %	25 746 660	2,7 %
Overføringer og tilskudd fra andre	125 821 040	12,6 %	120 851 391	12,8 %
Brukerbetalinger	32 574 671	3,3 %	31 045 027	3,3 %
Salgs- og leieinntekter	105 566 385	10,6 %	90 149 150	9,6 %
Sum driftsinntekter	999 948 489	100,0 %	943 829 394	100,0 %
Driftsutgifter	Regnskap	I % av total	Regnskap	I % av total
Lønnsutgifter	506 031 057	52,1 %	468 571 611	52,5 %
Sosiale utgifter	135 389 350	13,9 %	114 178 745	12,8 %
Kjøp av varer og tjenester	274 938 853	28,3 %	264 156 784	29,6 %
Overføringer og tilskudd til andre	55 107 040	5,7 %	46 079 752	5,2 %
Sum driftsutgifter	971 466 299	100,0 %	892 986 892	100,0 %
Netto finansutgifter	70 800 004		64 473 702	
Netto driftsresultat	-42 317 814		-13 631 200	

- Rammetilskot og skatteinntekter utgjør ca 70% av alle inntekter.
- Eigedomsskatt for privat eigedom blei innført i 2020. I 2021 blei det også innført eigedomsskatt på næringseigedom. Skattesatsen var 1 promille.
- «Andre overføringer og tilskudd frå staten» består av integreringstilskot for flyktningar på 24,4 mill og rente- og avdragskompensasjon frå Husbanken på 3,2 mill.
- «Overføringer og tilskudd frå andre" består av refusjon frå staten knytt til ressurskrevjande brukarar innan helse og omsorg på 42,8 mill, sjukelønnsrefusjon på 36,2 mill, kompensasjon for merverdiavgift på 21 mill og refusjonar frå staten, fylkeskommunen, andre kommuner og private på totalt på 25,9 mill.

- Brukarbetalingar innan oppvekst (SFO og barnehage) utgjer 20,4 mill. Brukarbetalingar innan helse og meistring utgjer 11,1 mill. og brukarbetalingar innan kultur utgjer 1,1 mill. kroner. Når det gjeld brukarbetaling for SFO og barnehage så er beløpet i realiteten 9,2 mill. mindre. Dette som følge av rabattordningar. Den største rabattordninga er gratis 12 timer SFO for 1.- 3. klasse. Rabatten blir bokført som ei driftsutgift under "Overføring og tilskudd til andre». Rabatt/gratis SFO utgjer ca. 8 mill. Denne rabatten får vi dekt via rammetilskotet.
- Sals- og leigeinntekter består i hovudsak av kommunale avgifter på 74,4 mill. og husleige 24,6 mill. kroner. Den største kategorien av husleigeinntekter er frå kommunale omsorgsbustader (13,9 mill.).
- Lønn og sosiale utgifter utgjer 66% av driftsutgiftene. Diagrammet nedanfor viser korleis lønnsutgiftene fordeler seg på kommunalområda:



- Overføringar og tilskot til andre består i hovudsak av meirverdiavgift på 21 mill., rabattar i barnehage og SFO på 9,2 mill. og overføring til private på 23 mill. Når det gjeld meirverdiavgift så ligg denne både som ei driftsutgift og som ei driftsinntekt med like beløp. Dei største postane under "overføring til private" er

overføring av driftstilskot til Sula Sokn på 5,1 mill. ytelser til livsopphald til flyktningar på 5 mill. og utbetaling av økonomisk sosialhjelp på 3,6 mill.

- Alle andre driftsutgifter ligg i posten «Kjøp av varer og tenester».

Utvikling i lønnsutgifter

Tabellen under viser utvikling i lønnsutgifter, sosiale utgifter, sjukepengerefusjon og vikarbyrå i perioden 2022 til 2024.

Lønnsutgifter	2 024	2023	2022
Fastlønn	422 846 039	380 218 000	340 574 528
Vikarlønn og ekstrahjelp	51 653 410	54 113 625	50 545 676
Overtid	9 591 085	11 097 718	11 411 629
Møtegodtjersle folkevalde	2 005 180	1 845 274	1 905 228
Stønad med arbeid (til flyktningar)	4 574 967	5 367 673	2 966 440
Andre lønnsutgifter	15 360 376	16 363 430	15 645 294
SUM	506 031 057	469 005 720	423 048 795
Sosiale utgifter	2 024	2023	2022
Pensjonsutgift	60 476 857	46 293 360	43 232 087
Gruppelivsforsikring	626 790	434 108	423 396
Arbeidsgiveravgift	74 285 703	67 451 278	61 176 099
Sum sosiale utgifter	135 389 350	114 178 746	104 831 582
Sjukepengerefusjon	-36 205 628	-30 358 331	-26 558 222
Vikarbyrå	15 243 574	15 147 105	12 499 723
Sum	620 458 353	567 973 240	513 821 878

Den største lønnsposten er utgifter til fastlønn. Denne auka med 6,1% frå 2021 til 2022, 11,6% frå 2022 til 2023 og 11,2% frå 2023 til 2024. Utgifter til fastlønn har auka meir enn generell lønnsvekst. Statestikk frå KS viser at gjennomsnittleg årslønnsvekst i kommunane var 3,6% i 2022, 5,6% i 2023 og 5,4% i 2024. Årsak til at utgifter til fastlønn har auka meir enn generell lønnsvekst er at antal årsverk har stege i løpet av 2023 og 2024.

Tabellen under viser antall årsverk per kommunalområde i 2023 og 2024. Den viser også gjennomsnittleg årslønn for alle tilsette.

Kommunalområde	Årsverk 31.12.24	Årsverk 31.12.23	Endring	Note
Organisasjon og utvikling	30,7	30,5	0,2	1
Kultur og oppvekst	314,1	310,1	3,9	2
Helse og mestring	277,7	273,1	4,6	3
Samfunn	27,8	30,6	-2,8	4
Politisk styring	1,1	1,1	0,0	5
SUM	651,4	645,4	6,0	
Gjennomsnittlig årsverk gjennom året	648,4	624,1	24,3	6
Gjennomsnittlig årslønn pr. 31.12	589 676	557 545	32 131	7
Gjennomsnittlig årslønn gjennom året	576 288	547 128	29 160	7

Tabellen inkluderer alle årsverk som får utbetalt fastlønn. Det betyr at den inkluderer langtidsjukmeldte og tilsette i svangerskapspermisjon med fastlønn. Den inkluderer også årsverk til faste vikarar for dei som er i permisjon. Pr 31.12.24 var det 15,4 årsverk i svangerskapspermisjon (5,4 årsverk i Kultur og oppvekst, og 10 årsverk i Helse og mestring). Pr 31.12.23 var det 18 årsverk i svangerskapspermisjon (8 årsverk i Kultur og oppvekst, og 10 årsverk i Helse og mestring)

1). Endring i årsverk på Organisasjon og utvikling: Auke på eit årsverk til teknisk hjelpemiddel (årsverk flytta 50% frå helse og 50% frå eigedom). Reduksjon i 0,5 årsverk på IKT. Midlertidig reduksjon i stilling frå 100% til 60% på arkiv. Auke i ei stilling frå 90% til 100% på rekneskap.

2). Endring i årsverk på Kultur og oppvekst skuldast i hovudsak auke i årsverk på skule/SFO. Auka i skulane er i stor grad knytt til lovpålagte og kostbare tiltak mot enkeltelevar som treng ekstra oppfølging.

3). Auka i årsverk i Helse og mestring skuldast nye vedtatte satsingar, som f.eks. etablering av miljøterapeutisk teneste i heimetenesta, samt auke i etterspørsel etter tenester, både i omfang om kompleksitet.

4). Reduksjon i årsverk på Samfunn skuldast i hovudsak vakanse i stillingar for tilsette som har slutta.

5). Ansatte på politisk styring er ordfører 100% og varaordfører 10%

6). Gjennomsnittleg antall årsverk (rekna ut frå årsverk pr 01.01 og 31.12) er 24 høgare i 2024 enn i 2023. Auka kjem i hovudsak frå dei to store kommunalområda, Helse og mestring og Kultur og oppvekst. Deler av auka kjem av at det var fleire som var ute i

svangerskapspermisjon ved utgangen av 2023 enn ved inngangen av 2023. Pr 31.12.22 var 8 årsverk ute i svangerskapspermisjon, og pr 31.12.23 var 18 årsverk ute i svangerskapspermisjon. Både dei som er i svangerskapspermisjon og faste vikarar blir talt med i antall årsverk.

Auke i årsverk i 2023 (utanom effekten av tilsette i svangerskapspermisjon) i Helse og meistring kom i stor grad frå auke i Bu- og aktivitetstenesta (BUA), heimetenesta og NAV. Ein av årsakene til auka i BUA var tilbakeføring av tiltak (i Jetmundgarden) som før vart kjøpt eksternt. Dette utgjorde ca. 8 årsverk. Auke i årsverk i NAV kom frå oppbygging av flyktningteam. Auka i heimetenesta kom blant anna frå tilsette av kreftkoordinator/palliativ koordinator, styrking med psykisk sjukepleiar og elles ei generell auke knytt til aukande behov for tenester.

Når det gjeld oppvekst så kom auken i hovudsak på skulane. Dette var knytt til krav om lærarnorm og auke i tal på elevar med individuelt tilrettelagt opplæring og elevar med særlege behov for ekstra oppfølging/personleg assistanse.

7). Gjennomsnittleg årslønn til tilsette pr 31.12.22 var 526.294kr, pr 31.12.23 var 557.128kr og pr 31.12.24 var 589.676kr. Med tanke på at lønnsauke får verknad frå mai så blir gjennomsnittsløna for året litt lågare enn årslønn pr 31.12. Gjennomsnittleg årslønn for året 2023 var 547.128 kr og gjennomsnittleg årslønn for året 2024 var 576.288kr. Dette gir en gjennomsnittleg årslønnsvekst frå 2023 til 2024 på 5,33%. Dette er omtrent det same som KS sin statestikk for kommune-Norge viser. Årslønnsveksten i KS-tariffområde frå 2023 til 2024 er 5,4%.

Totale lønnsutgifter inkludert sosiale utgifter og sjukepengerefusjon var 52,9 mill. høgare i 2024 enn i 2023. Tek vi gjennomsnittleg årslønn i 2024 * gjennomsnittleg årsverk i 2024, så får vi eit beløp som er 52,9 mill. høgare enn gjennomsnittleg årslønn i 2023 * gjennomsnittleg årsverk i 2023. Hovudforklaringa på auke i lønnsutgifter frå 2023 til 2024 er altså generell lønnsvekst + auke i årsverk.

Det er viktig å merke seg at ei auke i årsverk og lønnsutgifter ikkje nødvendigvis forverrar driftsresultatet. Ein må også ta hensyn til auke i refusjonar og rammetilskot, eigne ansatte i staden for kjøp av tenester, mindre bruk av vikarar osv. Når ein forklarar endring i driftsnivå må ein derfor både ta hensyn til endring i utgifter og endring i inntekter. Dette

blir gjort i kapittelet «Utvikling i utgiftsnivå 2021-2024». Eksempler på auke i årsverk som ikkje direkte medfører forverring av driftsresultat:

- Mottak av flyktningar: Eit stort mottak av flyktningar dei siste åra har medført auke i årsverk hos NAV. Samtidig har integreringstilskot for flyktningar auka.
- Jetmundgarden: Her var det ei auke på over 8 årsverk i 2023, som følge at vi utfører oppgåver i egen regi i staden for å kjøpe tenester.
- Sulatunet: Omlegging av turnus i kortidsavdelinga med langvakter har gjort at det blir fleire årsverk men samtidig færre timelønnte vikarar.
- Ansatte i svangerskapspermisjon: Lønnsutgiftene aukar fordi vi utbetaler lønn til både den som er ute i permisjon og til den som er vikar. Dette må sjåast i samanheng med sjukepengerefusjon.
- Pleie og omsorg: Årsverk aukar ved auke i antall og omfang av tenester til ressurskrevjande brukarar. Samtidig vil refusjon frå staten auke.
- Stillingar som blir dekt av prosjektmidler. F.eks prosjektet «Ung Mestring» hos NAV. Lønnsutgifter aukar, men samtidig får vi tilskot frå Statsforvalter til å dekke lønnsutgiftene.
- Statleg bestemte oppgaveendringer: Dette kan medføre behov for fleire årsverk. Samtidig vil rammetilskot frå staten auke.

Investeringsrekneskap

Investeringsregnskapet viser investeringar i varige driftsmidler på 74,7 mill. i 2024. Dette var 33 mill. lågare enn budsjettet. Det største pågåande investeringsprosjektet er investering i nytt avløpsrenseanlegg. Det blei utgiftsført 23,5 mill. til prosjektet i 2024. Totalbudsjettet for prosjektet er 451,8 mill. (ref. budsjett og økonomiplan 2025-2028).

Tabellen under viser ein spesifikasjon av alle investeringsprosjekta i 2024. Den viser også kva for prosjekt som har blitt rebudsjettert til 2025

Prosj.	Prosjektnavn	Budsjett 2024	Regnskap 2024	Resterande 2 024	Rebud til 2025	Kommentar til prosjektoversikt
I1104	Avsett til grunnkjøp	1 053 240		1 053 240	1 053 240	Avsetning til bruk ved behov for grunnkjøp
I1108	Nausthaugen. Forprosjekt tomteområde	500 000		500 000	500 000	Forprosjekt for utnytting av tomteområde, jf. Ksak 71/24.
I1300	Visma Pluss	0	526 376	-526 376		Implementeringskostnader Visma Pluss. Dekkes av budsjett på "Rammeløyving IKT" (I1301)
I1301	Rammeløyve IKT	1 684 700	0	1 684 700	357 557	Sjå i samanheng med prosjekt I1300, I1304, I1346 og I1352. Resterande budsjettmidler er planlagt benytta til fiberutbygging, velfertsteknologi og oppgradering og nettverksutstyr.
I1304	IKT utstyr fellespost	0	335 250	-335 250		Nettverksutstyr. Dekkes av budsjett på "Rammeløyving IKT" (I1301)
I1346	Mauseidvåg	0	287 888	-287 888		Dekkes av budsjett på "Rammeløyving IKT" (I1301)
I1352	Fiber Solevåg	0	177 629	-177 629		Dekkes av budsjett på "Rammeløyving IKT" (I1301)
I1353	Oppgradering av nettverk på skulane	1 300 000	1 282 482	17 518		Investering er gjennomført
I3002	Bilar heimebasert	1 150 000	1 119 963	30 037		Investering er gjennomført
I3003	Bil Molvær senter	600 000	623 162	-23 162		Investering er gjennomført
I3020	aktivitetstenesta	600 000	623 162	-23 162		Investering er gjennomført
I3019	Sulatun kjøkken. Utskifting utstyr	170 000		170 000	170 000	Investering er ikkje gjennomført. Ubrukte midler rebudsjetteres til 2025
I3022	Hjelpemidler kortidsavdeling Sulatunet	300 000	309 310	-9 310		Investering er gjennomført
I3023	Møblar psykiatrilokaler	400 000	372 489	27 511		Investering er gjennomført
I5019	Bil kommunalteknisk	800 000	733 571	66 429		Investering er gjennomført
I5035	Bil eigedom	800 000	38 456	761 544	761 544	Påløpt i 2024: Innredning til Opel Vivaro. Bilen blei bestilt i september 2024. Levert i januar 2025. Rebudsjettert beløp skal dekke kjøp av bil pluss montering av ladestasjon
I5071	Lys turløype Vassetvatnet	1 050 000	866 251	183 749	183 749	Pågående arbeid. Ferdigstilles våren 2025. Arbeid består av å skifte stolper og lys.
I5110	Rammeløyve uteområde skule	2 000 000		2 000 000	805 089	Solevåg skule (I5226) : Ballbinge er på plass, Ute bordtennisbord er på plass. Langevåg skule (I5125): Ute bordtennis bord er på plass, utredning av pumptrack er under arbeid. Arbeid ferdigstilles i løpet av 2025
I5125	Uteområde Langevåg skule	0	83 069	-83 069		Budsjett ligg på prosjekt I5110
I5226	Uteområde Solevåg skule	0	1 111 842	-1 111 842		Budsjett ligg på prosjekt I5110
I5111	Rammeløyve mindre investeringar bygg	100 000		100 000		Opprinnelig rammeløyve var 4 mill. 3,9 mill har blitt fordelt til konkrete prosjekter.
I5131	Rørstadmarka skule	1 560 775	331 687	1 229 088	1 229 088	Ubrukte midler rebudsjetteres til bruk i 2025. Siste rest er planlagt betalt i løpet av mars. Dette gjeld tilbakeholdt beløp i forhold til reklamasjonsarbeid. Sluttrapport for investeringsprosjekt blei behandla i kommunestyret i sak 038/24 i møte 13.06.2024.
I5135	Rørstadmarka sti og gangveg	0	-136 620			Gangvei ferdig. Det negative beløpet gjeld kreditnota Sluttrapport for investeringsprosjekt blei behandla i kommunestyret i sak 037/24 i møte 13.06.2024.
I5150	Jetmundgarden	0	66 504	-66 504		Prosjekt er ferdig Sluttrapport for investeringsprosjekt blei behandla i kommunestyret i sak 039/24 i møte 13.06.2024

Proj.	Prosjektnavn	Budsjett 2024	Regnskap 2024	Resterande 2 024	Rebud til 2025	Kommentar til prosjektoversikt
I5181	Opparbeiding av friområde på Rørstad	215 657	79 869	135 788	135 788	Arbeid med slutføring og ferdigstilling etter deponering av masser pågår. Resterende budsjettmidler skal brukast til slutføring. Etter slutføring må deponi ligge i omtrent 3 år før endelig ferdigstilling.
I5198	Park-lagerbygg Langevåg kirkegård	193 101	376 299	-183 198		Ferdig. Uforutsett grunnforhold (ekstra sprengings osv) medførte ekstra kostnader ut over budsjett.
I5199	Vassset Borettslag	650 000	437 231	212 769		Prosjektering pågår. Anbud klart til utsending. Forventa oppstart sommaren 2025. Total kostnadsramme for prosjektet (over fleire år) er 60.142.061kr, jf K-sak 17/23. Finansiering blir tilskot frå Husbanken, momsrefusjon og salg (heile egedomen skal etter planen selgast). Påløpte utgifter: 376.463kr i 2021, 581.872kr i 2022, 1.263.650kr i 2023 og 437.231kr i 2024 = totalt 2.659.216kr. Opprinnelig budsjett i 2024 var 30 mill. 29.350.000kr blei strøket i K-sak 85/24. Investering for ferdigstillinga v prosjektet er lagt inn i 2025 og 2026 i økonomiplan 2025-2028.
I5201	LAGERPLASS/KILDESORTERING VEDDE	0	64 277	-64 277		Ferdig
I5202	SULA RÅDHUS FASADE PROSJEKTERING	465 157	9 889	455 268	455 268	Vi har starta arbeid med tegninger og grunnlag for videre utgreiing av fasadeløysinger. Det er satt litt på vent pga arbeide med Eigedomsstrategi
I5205	NAUSTHAUGEN, HBO CARPORT	37 792	28 791	9 001		Ferdig
I5209	Strakstiltak Langevåg sentrum	2 106 200	1 694 230	411 970	411 970	Arbeid pågår. Blir ferdigstilt vår 2025. Rekkverk og belysning gjenstår Dette er eit prosjekt som har pågått over mange år. I Ksak-115/21 blei det gitt midler til dette prosjektet på 4.717.626kr. Første trinn av prosjektet blei ferdigstilt i 2022. 1,2 mill blei budsjetttert i 2021 og resten i 2022. Ubrukte midler blei rebudsjetttert til 2023. Det blei ikkje brukt av investeringsmidlane i 2023, og resterende budsjettbeløp blei rebudsjetttert vidare til 2024 med sikte på å gjennomføre siste byggetrinn som omfattar tiltak mot sjøfront, gangbru til molo mot Syverholmen og tilrettelegging i Stadsnesvegen . Vi får støtte frå MR fylkeskommune til å finansiere deler av prosjektet. Tildelt beløp er 1.258.000kr. Deler av beløpet fekk vi innbetalt i november 2024. Resterende tildelt beløp fekk vi innbetalt i desember 2024
I5211	SULATUNET FASADE - SKADE PÅ LECAVEGGER	500 000	396 753	103 247	103 247	Utbedring på Lecavegger er ferdig, gjenstår utbedring på laminerte søyler utvendig. Dette arbeidet pågår og vil bli ferdig i løpet av vår 2025
I5215	Molværsvegen 11, tilbygg	3 450 044	2 347 990	1 102 054	1 102 054	Utvendige boder er ferdige og er i bruk, kontor/garderobe til ansatte er ferdig og i bruk. Det som gjenstår er garderobe fellesareal, brannvarslingssystem, ventilasjon, låssystem. Arbeid forventes ferdig i løpet av 2025
I5216	Nye lokaler til psykiatritenesta	7 000 000	7 364 105	-364 105		Ferdig og flytta inn.
I5219	Ombygging Nausthaugen HBO Medisinrom/garderobe/ belysning	622 023	596 172	25 851		Ferdig
I5222	Måseide barnehage nytt toalett	150 000	75 245	74 755	74 755	Prosjektet gjeld fornying av toalett rom, med vegghengt toalett og nye vegger og gulv som bedrer reinholdet. Prosjektet er pågående og snart ferdig
I5224	Kjøp bustader flyttingar	18 788 255	5 222 320	13 565 935		Årets utgift gjeld kjøp av firemannsbolig på Remane. Ubrukte midler blir ikkje rebudsjetttert. Investeringsmidler til bruk i 2025 er på inntill 14 mill og blei vedtat i saksframlegg "Busetting av flykningar 2025" (K-sak 07/25)
I5225	Utfasing av lyskilder etter påbud	1 500 000	1 568 369	-68 369		Molværsvegn 15, Molværsvegen 19,Molvær barnehage og Sloghaugvegen 28 fullført i 2024.
I5227	Utvikling av framtidige omsorgsplasser	1 000 000		1 000 000		Ikkje oppstarta

Prosj.	Prosjektnavn	Budsjett	Regnskap	Resterande	Rebud	Kommentar til prosjektoversikt
		2024	2024	2 024	til 2025	
I5228	Kommunale bygg nytt låsesystem	200 000	135 871	64 129	64 129	Pågår. Låsesystem på omsorgsboliger (Ilock)
I5229	Rådhuset, Langevåg skule, Sula U, Solevåg skule, nye papp-presser	450 000	398 803	51 197	51 197	Papirpresse er levert og i bruk på Langevåg skule, Sula u skule, Rådhuset og Solevåg skule. En faktura gjenstår for Sula ungdomsskule.
I5230	Skuler - Nye renovasjonsstasjoner	300 000	353 397	-53 397		Ferdig
I5231	Skuler - Lys/solskjerming	1 400 000	1 483 329	-83 329		Ferdig
I5232	Sula U - nye grupperom	300 000	232 951	67 049	67 049	Arbeid pågår
I5233	Langevåg skule - kameraovervåking	300 000		300 000	300 000	Venter på avklaring fra IT ang valg av type server/kamera
I5234	Åregjerdedalen - utvidelse av kjøkken personalbase	100 000	0	100 000		Avlyst pga bruksendring av bygget
I5235	Rådhuset - adgangskontroll	300 000	242 617	57 383		Ferdig
I5236	Molværsvegen 11,15 og 19 - ny brannsentral og brannmeldere	250 000	217 250	32 750	32 750	Ferdig i løpet av vår 2025
I5237	Geilneset 11 - ventilasjonsanlegg	300 000	182 309	117 691	117 691	Arbeid blir slutført vår 2025
I5238	Kjøp av seksjon 1 Stadsnesvegen 19 A	2 870 500	2 870 500	0		Kjøp er gjennomført
I5239	Måseide skule - mellombels bruk av brakkerigg	150 000	96 181	53 819	53 819	Lokale er tatt i bruk, lys, varme og ventilasjon er i orden. Det blir utført div tiltak av skulen sjølv, der vi dekker kostnader til materiell. Resterende midler blir brukt til utskifting yttervegg
I6017	RAMMELØYVING VATN	2 500 000		2 500 000		Rammeløyve ikkje fordelt ut til spesifikke inestiveringsprosjekt
I6018	RAMMELØYVING AVLØP	5 000 000		5 000 000		Rammeløyve ikkje fordelt ut til spesifikke inestiveringsprosjekt
I6104	Solstranda	0	32 735	-32 735		Utskifting av gamle etanitrør som følge av lekkasje. Ferdig. Dekkes av rammeløyve
I6105	Vassmålør sonemåling	210 227	159 621	50 606		Under arbeid. Langsiktig prosjekt over fleire år. Arbeid for overvåking og lekkasjekartlegging av ledningsnettet. Beløp blir ikkje rebudsettert. Videre arbeid kan dekkas av rammeløyve
I6115	BJØRKAVÅGEN AUST - VEG 1					Arbeid i hovudsak ferdig. Tilsåing gjenstår. Prosjektet blei dyrare enn budsettert, blandt anna på grunn av konkurs hos entreprenør og prisstigning.
I6149	Parkeringsplass Indre Sula kyrkje	7 250 570	9 911 103	-2 660 533		
I6115	BJØRKAVÅGEN AUST - VEG 1 (vatn)	0	513 166	-513 166		Arbeid ferdig. Utgift dekkas av rammeløyve
I6115	BJØRKAVÅGEN AUST - VEG 1 (avløp)	0	833 341	-833 341		Arbeid ferdig. Utgift dekkas av rammeløyve
I6123	Overvassstette kummer	500 000		500 000	500 000	Dette er eit langsiktig arbeid som pågår over fleire år. Arbeidet går ut på kartlegging av og utføring av tiltak for å hindre innlekking av overvatn i avløpet. Arbeidet er eit vilkår i gjeldende utsløpsløyve fra Statsforvalter
I6124	Futevegen VA	0	301 371	-301 371		Utarbeiding av konkurransegrunnlag pågår, oppstart første halvår 2025. Dekkas av rammeløyve
I6130	Mikkalvegen ny veg	99 316	69 490	29 826		Ferdig
I6139	Pumpestasjon Sivertgarden	0	2 046 196	-2 046 196		Ferdig. Dekkas av rammeløyve
I6143	RENSEANLEGG KVASNES	25 000 000	23 536 648	1 463 352		Bergarbeid pågår. Totalbudsjett for prosjektet som er lagt til grunn for økonomiplan 2024-2027 er 435,7 mill.
I6148	Tiltak Vågevatnet	300 000	1 014 010	-714 010		Investering ferdigstilt. Ny prøvetaking til vår 2025. I økonomiplan 2024-2027 vart det lagt inn 300.000kr i 2024 og 1 mill i 2025. Prosjektet blei framskynda og ferdigstilt i 2024.

Prosj.	Prosjektnavn	Budsjett	Regnskap	Resterande	Rebud	Kommentar til prosjektoversikt
		2024	2024	2 024	til 2025	
I6153	Bru Bakkenesvegen	1 500 000		1 500 000	1 500 000	Anbudsgrunnlag er under utarbeiding. Sjå i samanheng med bru Svingen og bru Pebakken. Anbodkonkuranse i 2025. Gjennomføring i 2025 under forbehold om fullfinansiering (dette vil kome som eiga sak)
I6155	Bru Svingen (Mauseidvåg)	200 000		200 000	200 000	Sjå kommentar over
I6157	Trafikktryggingstiltak Fortau Furneset	500 000		500 000		Ikkje oppstarta. Fylkeskommunal veg. Det er gitt innspel til fylkeskommunen Blir ikkje rebudsjettert. Med bakrunn i kapasitet. Andre prosjekt må prioriteres
I6161	Reguleringsplan - gang og sykkelveg Langevåg - Skogjerdet	300 000		300 000		Ikkje oppstarta. Ikkje kapasitet på kommunalteknikk for å gjennomføre reguleringsplanen
I6162	Reguleringsplan pumpestasjon Fiskarstrand	353 778		353 778		Pågåande arbeid i samband med overføringsledingar til Kongshaug RA. Blir dekt av totalbudsjett for renseanlegget (I6143)
I6163	Reguleringsplan pumpestasjon Solavågen	400 000		400 000		Pågåande arbeid i samband med overføringsledingar til Kongshaug RA. Blir dekt av totalbudsjett for renseanlegget (I6143)
I6164	Reguleringsplan - pumpestasjon Eikrem/slamavskiller/renseanlegg	500 000		500 000	500 000	Forbedrende arbeid er igangsatt. Prosjektering/forarbeid for å etablere pumpestasjon på Eikrem
I6165	Fortau Renseanlegg Kvasnes	1 500 000		1 500 000	1 500 000	Arbeid pågår, forventa ferdig våren 2025
I6167	Innløysing eigedom gbnr 65/140	600 000	315 859	284 141	284 141	Riving av hus ferdig. Tilstelning og tomteplanering gjenstår, klargjering til salg.
I6169	Fortau Bratthaugmyra	3 750 000	126 000	3 624 000	3 624 000	Pågår. Forventa ferdigstilt i løpet av 2025
I6171	Separering Grønmyrvegen	0	631 068	-631 068		Fjerning av overvatn frå avløp (legging nye rør). Ferdigstilt. Dekkes av rammeløyve
SUM		108 131 335	74 717 827	33 276 888	16 138 125	

Balansen

Balansen gir ein oversikt over eigedelar, gjeld og eigenkapital. Eignedelane består av varige driftsmidler, finansielle anleggsmidler, pensjonsmidler og omløpsmidler. Gjeld består av lånegjeld, pensjonsforpliktelse og kortsiktig gjeld. Eigenkapital består av ubundne fond, bundne fond og kapitalkonto. Balanseoversikten framgår av årsrekneskapet. Der er det også noter som spesifiserer balansepostane.

Fondsbehandling

Sula kommune sin totale fondsbehandling blei redusert frå 216,3 mill i 2023 til 170,9 mill i 2024. Dette er ein reduksjon på 45,4 mill. Disposisjonsfondet blei redusert med 49,6 mill, medan bundne driftsfond auka med 7,2 mill. Bundne investeringsfond blei redusert med 0,2 mill, medan ubundne investeringsfond blei redusert med 2,9 mill.


Note 14 i årsrekneskapet viser detaljert bruk og avsetning av alle fond. Tabellen under viser utvikling av fondsbehandling frå 2016 til 2024:

Beløp i tusen kroner	2 024	2 023	2 022	2 021	2 020	2 019	2 018	2 017	2 016
Disposisjonsfond	82 232	131 794	145 400	125 197	99 357	84 807	83 640	83 490	83 352
Bundne driftsfond	24 476	17 232	17 256	20 059	14 369	13 068	14 195	13 951	13 310
Ubundne investeringsfond	59 025	61 912	63 412	68 282	68 656	70 163	70 491	67 760	67 532
Bundne investeringsfond	5 206	5 380	7 971	1 147	1 019	1 183	131	1 274	1 349
SUM	170 939	216 317	234 039	214 685	183 401	169 222	168 456	166 474	165 542

Lånegjeld

Lånegjelda har auka kraftig dei siste 10-15 åra. Lånegjelda vil fortsette å auke i åra framover. Den største veksten i lånegjeld vil kome som følge av investering i nytt avløpsreinseanlegg.

Grafen nedanfor viser utvikling i perioden 2010-2024, og forventa auke i 2025-2028:



- Den blå grafen viser samla lånegjeld. Samla lånegjeld var 330 mill. i 2010, 1.330 mill. i 2024, og er forventa å stige til 1.772 mill. i 2028.
- Den grå grafen viser lån til investering. Dette er samla lån fråtrekt startlån (vidareutlån). Lån til investeringar var 325 mill. i 2010, 1.238 mill. i 2024, og er forventa å stige til 1.601 mill. i 2028.
- Den lilla grafen viser lån til investering eksklusiv VAR. Den var på 250 mill. i 2010, 946 mill. i 2024, og er forventa å reduserast til 900 mill. i 2028.
- Den svarte grafen er lån til VAR (sjølvkost). Den var 74 mill. i 2010, 291 mill. i 2024, og er forventa å stige til 701 mill. i 2028.
- Den oransje grafen er startlån (vidareutlån). Den var 9 mill. i 2010, 92 mill. i 2024, og er forventa å stige til 171 mill. i 2028.
- Den grønne grafen viser lån vi har med rentekompensasjon frå Husbanken. Denne typen lån var på 64 mill. i 2010, 30 mill. i 2024, og forventa 14 mill. i 2028.

VAR sin del av lån til investeringar aukar frå 22% i 2022 til 44% i 2028. Renter og avdrag på desse investeringane skal finansierast gjennom auke i kommunale gebyr.

Tabellen under viser splitten mellom lån til ordinær drift (eksklusiv VAR) og lån til VAR i perioden 2022-2028. Den viser også utvikling i rente- og avdragsutgifter.

Lån til investering	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Lån eksklusiv VAR	943 000 000	911 000 000	947 000 000	945 000 000	885 000 000	863 000 000	900 000 000
Lån VAR	264 000 000	274 000 000	291 000 000	401 000 000	572 000 000	700 000 000	701 000 000
SUM	1 207 000 000	1 185 000 000	1 238 000 000	1 346 000 000	1 457 000 000	1 563 000 000	1 601 000 000
Andel VAR av lån til inv.	22 %	23 %	24 %	30 %	39 %	45 %	44 %
Rente- og avdragsutgifter	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Frå lån eksklusiv VAR	49 000 000	65 700 000	74 000 000	76 000 000	69 200 000	65 400 000	65 500 000
Frå lån VAR	19 200 000	22 000 000	22 700 000	23 700 000	31 600 000	42 100 000	48 600 000
SUM	68 200 000	87 700 000	96 700 000	99 700 000	100 800 000	107 500 000	114 100 000

Rente- og avdragsutgifter har auka frå 68 mill i 2022 til 97 mill i 2024. Dette skuldast i hovudsak auke i rentenivå.

Kortsiktige likvide midlar

Pr. 31.12.2024 hadde Sula kommune 115 mill kr i likvide midlar. Likviditeten har forverra seg dei siste åra. Tabellen under viser utvikling frå 2020 til 2024:

Likvide midler	2 024	2 023	2 022	2 021	2 020
Bankbeholdning	92 436 127	85 938 116	195 486 483	243 457 674	234 174 478
Kortsiktig plassering. Pengemarked og aksjefond	22 582 486	31 239 066	28 416 472	27 886 303	27 685 029
SUM	115 018 613	117 177 182	223 902 955	271 343 977	261 859 507

Frå 2022 til 2023 til var det ein nedgang i likvide midlar på over 100 mill. Denne endringa (forklart i årsberetning for 2023) skulast i hovudsak negativt driftsresultat, endring i balanseført premieavvik pensjon (betalt meir i pensjonspremie enn bokført pensjonsutgift), og endring i ubrukte lånemidlar.

I tabellen ovanfor framstår likviditetssituasjonen pr 31.12.24 som på nivå med 31.12.2023, men reelt sett så har situasjonen forverra seg. Hovudgrunnen til dette er negativt driftsresultat på 42 mill i 2024. Ein av grunnane til at likvide midlar likevel er på nivå med fjoråret er opptak av nytt investeringslån på 100 mill i 2024. Ca 60 million av lånet er brukt til investeringar. Det betyr at ubrukte lånemidlar har auka med 40 mill, og dette betrer likviditeten midlertidig. Det er også andre forhold som påverker likviditeten. I tabellen nedanfor har vi satt opp ei kontantstrømanalyse. Den viser endring i likviditet frå 2023 til 2024. Analysa tek utgangspunkt i driftsresultat for 2024. Ikkje alle resultatpostar her likviditetseffekt. Analysa justerer for desse effektane.

Kontantstrømanalyse. Endring i likviditet 2024	Beløp	Note
Negativt driftsresultat i 2024	-42 317 814	1
Avkastning fra langsiktig fondsplassering i 2024	-14 385 771	2
Endring premieavvik frå 2023 til 2024	-8 529 904	3
Endring kortsiktige fordringer frå 2023 til 2024	11 336 376	4
Endring kortsiktig gjeld frå 2023 til 2024	14 601 533	5
EK-tilskot i KLP (investering) i 2024	-1 704 560	6
Endring i ubrukte lånemidler frå 2023 til 2024	40 197 103	7
Andre poster	-1 355 532	
SUM endring i likviditet frå 2023 til 2024	-2 158 569	

Note
1. Ikkje alle resultatposter påverker likviditet. "Korrigeres" i postane under
2. Har påverka resultat positivt, men har ikkje påverka likviditeten (urealisert)
3. Det er betalt meir i pensjonspremie enn det som er utgiftsført
4. Kortsiktige fordringer er lavere enn i 2023. Påverker likviditet positivt
5. Kortsiktig gjeld er høgare enn i 2023. Påverker likviditet positivt
6. Denne dekkes av egne midler (og ikkje ved bruk av lån)
7. Ubrukt investeringslån. Påverker likviditet positivt

Utgiftsnivå samanlikna med andre kommunar

Tabellen under viser netto driftsutgift (utgiftskorrigert) per innbygger for 2024. Tala er basert på foreløpige KOSTRA-tal for 2024, publisert 15.03.25. Vi har benytta analyseverktøyet «Framsikt Analyse».

	Sula 2024	Giske 2024	Ålesund 2024	Møre og Romsdal 2024	Landet 2024	Kostra- gruppe 1 2024
Grunnskole	16 232	17 558	17 462	18 384	18 597	19 008
Pleie og omsorg	27 480	25 847	27 814	26 806	25 895	25 451
Barnevern	3 215	2 460	2 147	2 326	2 718	2 956
Barnehage	11 192	10 376	10 918	11 073	11 104	11 308
Kommunehelse	4 010	3 927	4 227	4 496	4 708	4 594
Sosiale tjenester	2 530	3 650	3 895	4 335	4 669	4 137
Kultur og idrett	1 635	1 131	2 034	2 400	3 336	2 331
Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	1 115	1 112	721	941	1 189	1 026
Adm, styring og fellesutgifter	6 157	5 480	5 794	6 252	5 932	6 309
Andre områder	3 249	3 659	3 550	3 826	3 411	3 788
- Brann og ulykkesvern	1 129	1 228	1 412	1 405	1 096	1 288
- Kommunale boliger	133	607	445	307	464	136
- Samferdsel	896	811	700	1 391	1 369	1 489
- Næringsforv. og konsesjonskraft	203	162	-400	-189	-330	-69
- Landbruk	173	148	614	106	141	117
- Kirke	715	703	779	806	671	827
Totalt	76 816	75 199	78 560	80 840	81 559	80 910


Utgiftsnivået i Sula kommune er lavere enn i Kostragruppe 1 som Sula kommune tilhører. Kostragruppe 1 består av kommuner med innbyggertal på mellom 2.000 og 9999 og med lavt kostnadsnivå og lavt inntektsnivå.

Tabellen under viser kor mykje meir/mindre Sula kommune skulle ha brukt / kunne ha spart per tenesteområde dersom vi hadde eit utgiftsnivå som var likt som samanlikningskommune. Negativt tal viser kor mykje vi ligg under i mill. kroner. Positivt tal viser kor mykje vi ligg over i mill. kroner.

Område	Giske 2024	Ålesund 2024	Møre og Romsdal 2024	Landet 2024	Kostra- gruppe 1 2024	Giske 2023	Ålesund 2023	Møre og Romsdal 2023	Landet 2023	Kostra- gruppe 1 2023
Grunnskole	-15,8	-14,6	-25,6	-28,2	-33,1	-24,7	-21,2	-33,3	-32,3	-32,6
Pleie og omsorg	16,0	-3,3	6,6	15,6	19,9	7,4	-20,4	-5,6	10,2	16,2
Barnevern	6,6	9,4	7,8	4,4	2,3	5,0	4,7	4,0	1,0	-1,5
Barnehage	9,0	3,0	1,3	1,0	-1,3	7,2	5,6	-2,3	-0,7	-2,2
Kommunehelse	0,8	-2,1	-4,7	-6,8	-5,7	-1,9	-5,9	-8,8	-9,4	-6,3
Sosiale tjenester	-7,4	-9,0	-11,9	-14,0	-10,6	-7,1	-7,0	-9,9	-11,5	-8,5
Kultur og idrett	4,9	-3,9	-7,5	-16,6	-6,8	7,6	-5,3	-7,4	-16,0	-6,5
Plan, kulturminner, natur	0,0	3,8	1,7	-0,7	0,9	0,4	3,5	0,4	-2,2	-0,7
Adm, styring, fellesutgifter	6,7	3,6	-0,9	2,2	-1,5	8,5	33,6	1,9	-3,8	-6,0
Andre områder	-4,2	0,5	-6,1	-1,8	-5,6	0,1	-2,4	-5,6	1,2	-2,9
Totalt	16,6	-12,6	-39,3	-44,9	-41,5	2,5	-14,8	-66,6	-63,5	-51,0

Som det går fram av tabellen så er ikkje utgiftsnivået i Sula kommune like lavt som i 2023. Dette har blant anna å gjere med behovsauke og dyre enkelt-tiltak innan pleie og omsorg, grunnskule og barnevern (som beskrive i avsnitt «Utvikling i utgiftsnivå 2021-2024»).

Tabellen under viser netto driftsutgift pr innbyggjar (utgiftskorrigert) for 2024 for alle landets kommunar. Sula kommune er nr. 44 rangert etter kommunar med lågast driftsutgift pr innbyggjar. I 2023 var vi nr. 28, i 2022 nr 17 og i 2021 nr 14.




Dei to største områda målt i netto driftsutgift pr. innbyggjar, er grunnskule og pleie og omsorg. På grunnskule har vi eit utgiftsnivå som er langt under gjennomsnittet, og på pleie og omsorg har vi eit utgiftsnivå som er over gjennomsnittet.

Grunnskule

Sula kommune brukar kr. 16 232 pr innbyggjar på grunnskule (justert for utgiftsbehov). Rangert etter lågaste netto driftsutgift pr. innbyggjar til grunnskule er Sula kommune nr 11 i landet. I 2023 var vi nr 7 og i 2022 nr 2.


Dersom vi rangerer netto driftsutgift pr elev på grunnskule er vi på plass nr 29 (ikkje justert for utgiftsbehov).

Dersom vi i tillegg til grunnskule inkluderer utgifter til SFO, skulelokale og skuleskyss så brukte Sula kommune kr. 133 359 pr elev i 2024 (ikkje justert for utgiftsbehov). Det var 3 kommunar i landet som brukte mindre per elev enn Sula. I 2023 var Sula kommune den kommunen i landet med lågast utgift per elev (grunnskule + SFO + skulelokale + skuleskyss).



Pleie og omsorg

Sula kommune bruker 27.480kr pr innbygger på pleie og omsorg (justert for utgiftsbehov). Rangert etter lavest netto driftsutgift pr innbygger til pleie og omsorg er Sula kommune nr 221 i landet. I 2023 var vi nr 225 og i 2022 nr 139. Grafen under viser oversikt over alle landets kommuner



Ein årsak til at vi har eit høgt utgiftsnivå i pleie og omsorg er at vi har ein lite egna bustadstruktur og bu tilbod for personar med funksjonsnedsettingar. Sula kommune har tatt eit viktig første steg med å etablere Jetmundgarden. Vasset burettslag er også under etablering, og vidare treng vi endå fleire gode bu konsept som skal bidra til at også desse av våre innbyggjarar skal få oppleve å bu på måtar som sikrar sjølvstende og meistring.

Ein annan årsak til høgt utgiftsnivå i pleie og omsorg er at Sula kommune har eit høgt antall «ressurskrevjande brukarar» samanlikna med andre kommunar. I 2024 hadde Sula kommune 16 brukarar som kom inn under statens tilskotsordning for «Særleg ressurskrevjande helse- og omsorgstenester». Driftsutgifter for desse 16 brukarane var 80,9 mill. i 2024. Statens refusjonsordning gav refusjon på 43,2 mill. Netto utgift for Sula kommune (etter refusjon) var 37,7 mill. Gjennomsnittleg netto utgift pr bruker var 2,4 mill. Dersom Sula kommune hadde hatt likt antall ressurskrevjande brukarar som Giske hadde kostnaden for Sula kommune vore 9,6 mill. lågare. Dersom Sula hadde hatt likt antall som Sykkylven ville kostnad ha vore 14,4 mill. lågare og likt antall som Stranda 21,6 mill. lågare.

Dersom Sula kommune sine netto driftsutgifter hadde vore 15 mill. lågare knytt til ressurskrevjande brukarar hadde netto driftsutgift pr innbyggert til pleie og omsorg blitt 25.943kr. Dette hadde i så fall vore på nivå med landsgjennomsnittet (25.895kr), Møre og Romsdal (26.806kr) og kostragruppe 1 (25.451kr).

Sula kommune sine samla utgifter til pleie og omsorg i 2024 var 270 mill. Netto utgifter til ressurskrevjande brukarar utgjer 14% av desse utgiftene.

Pleie og omsorg består av følgande kostrafunksjoner:
234 Aktiviserings- og servicetjenester til eldre og personar med funksjonsnedsettelse mv.
253 Helse- og omsorgstjenester i institusjon
254 Helse- og omsorgstjenester til hjemmeboende (utgår fra 2024)
256 Øyeblikkelig hjelp døgntilbud
257 Hjemmetjenester - personellbase knyttet til bofellesskap/samløkaliserte omsorgsboliger
258 Hjemmetjenester - ambulerende virksomhet med mer
261 Institusjonslokaler

Lånegjeld og netto finansutgifter

Sula kommune har eit høgt gjeldsnivå. abellen under viser netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter. Sula kommune er på nivå med samanlikningskommuner i Møre og Romsdal, men langt over landsgjennomsnittet og gjennomsnittet i Kostragruppe 1.

Kommune	2021	2022	2023	2024
Sula	115,10 %	123,80 %	119,00 %	115,70 %
Giske	128,70 %	122,40 %	131,70 %	123,00 %
Ålesund	101,50 %	104,30 %	110,20 %	117,10 %
Møre og Romsdal	112,20 %	112,40 %	110,70 %	109,60 %
Landet	87,30 %	88,10 %	88,80 %	90,70 %
Kostragruppe 01	96,20 %	96,50 %	94,20 %	91,40 %

Håg lånegjeld gir også høge finansutgifter (renter og avdrag). Tabellen under viser netto finansutgifter (finansutgifter – finansinntekter) i prosent av brutto driftsinntekter.

Kommune	2021	2022	2023	2024
Sula	5,80 %	7,20 %	6,80 %	7,20 %
Giske	6,00 %	8,10 %	7,00 %	8,60 %
Ålesund	3,90 %	4,70 %	4,80 %	6,20 %
Møre og Romsdal	4,70 %	5,90 %	6,20 %	7,10 %
Landet	3,90 %	4,40 %	4,40 %	5,10 %
Kostragruppe 01	4,30 %	5,00 %	5,20 %	5,90 %

Dersom Sula kommune hadde hatt netto finansutgifter som landsgjennomsnittet så hadde utgiftene vore ca. 20 mill. lågare enn dei var i 2024.